

Marianne Gilje

Korleis kan kyrkja, gjennom sitt diakonale arbeid, møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter?

- Utgangspunkt i ei undersøking gjort blant sesongarbeidarane i Hemsedal”.

MGD 300 Masteroppgåve i diakoni

Diakonhjemmet Høgskole
Avdeling for diakoni, familieterapi, helse og leiing
Levert 15. november kl. 15.00
Rettlaiar: Kari Jorheim
Kull: 2008 haust
Antal ord: 25.655

Forord

Bakgrunnen for dette studie var i hovudsak ei prøveprosjektstilling i regi av Hemsedal kyrkjelyd retta mot sesongarbeidarane i Hemsedal. Eg fekk vera med å utføra prosjektet, noko som resulterte i ei masteroppgåve om korleis kyrkja, gjennom sitt diakonale arbeid, kan møta sesongarbeidarane i Hemsedal. Dette prosjektet har ikkje gjort seg sjølv, og eg ser svært takksam for alle som har vore med å bidra til at eg kunne fullføra dette studie.

For det fyrste vil eg takka Hemsedal kyrkjelyd, med Rune i spissen, som gav meg tillit til å gjennomføra kartleggingsprosjektet. Tusen takk for all støtte og hjelp. Kari Jordheim, rettleiareni min! Hjarteleg takk for viktige, morosame og opplyftande telefonsamtalar, e-postar og rettleiingsmøte. Du har vore til kjempe stor hjelp, og er eit stort førebilete for meg. Ein stor takk går også til alle sesongarbeidrarar som har tatt seg tida til å fylla ut spørjeskjema, og alle arbeidsgjevarar som har vore med å dela dei ut. Utan dykk hadde det ikkje vore mogleg for meg å fullføra denne oppgåva. Vidare vil eg retta meg mot Knut Steffen. Du anar ikkje kor mykje du har vore til støtte og hjelp. Eg beundrar pågangsmotet og engasjement du har på andre sine vegne. Tusen takk for alt du har gjort for meg! Bjørghild og Olan, avlesinga av spørjeskjema hadde aldri vorte til ein så kjekk aktivitet om ikkje dykk hadde vore med. Tusen takk for god hjelp og gode minner. Eg må også få takka alle de andre som på ein eller annan måte har kome med innspel, tips, råd osv. Ingvild Birgitte, eg har ikkje gløymt deg! Takk for du var med å gjorde tida i Hemsedal så bra og alle gode innspel i forhold til spørjeskjema. Ingrid, Lisbeth, Mari og Benedicte, tusen takk for all den tid de har brukt på å lesa og koma med innspel. Tusen takk. Pappa Gilje, takk for du har vore med og bidra på ulike måtar. Mest av alt set eg pris på dei opplevingsrike turane du har drege meg med på som avkopling til oppgåveskrivinga. Det har gjeve meg mykje energi og friskt mot i ei travel masteroppgåvetid. Mamma Gilje, verdas beste ”romservice”. Du er eit forbilde for meg når det gjeld å utføra diakoni i praksis. Tusen takk for all inspirasjon og glede du gjer meg. Kristian, kva skal eg seia til deg bortsett frå at du er ein fantastisk kjæraste? Det er så uendeleg mykje eg kunne ha takka deg for, men mest av alt – tusen takk for ditt tolmod. Eg set så enormt stor pris på deg! Heilt til slutt, Han som gjev meg ei veldig glede i livet, og den desidert viktigaste i livet mitt – min gode Far og Frelsar. TAKK!

Bærums verk, 14. november, 2010

Marianne Gilje

Innhald

Forord	2
Innhald.....	3
Samandrag.....	6
1. Innleiing.....	7
1.1 Oppgåva sitt formål.....	7
1.2 Bakgunn for val av tema og kva oppgåva dreiar seg kring.....	7
1.3 Problemstilling.....	8
1.4 Ordforklaringer	8
1.4.1 Sesongarbeid og Hemsedal.....	8
1.4.2 Kommersielt skisenter.....	8
1.4.3 Diakonalt arbeid	8
2. Metode - val av metode	10
2.1 Val av metode	10
2.2 Kvantitativ metode.....	11
2.2.1 Einingar og populasjon.....	11
2.2.2 Operasjonalisering	12
2.3 Spørjeskjema.....	13
2.3.1 Presentasjon av spørjeskjema	13
2.3.2 Graderingssystemet	13
2.3.3 Utforminga av skjema	14
2.3.4 Motivasjon for å svara	15
2.3.5 Spørsmåla	16
2.4 Metodekritikk.....	16
2.4.1 Reliabilitet	16
2.4.2 Validitet	16
2.4.3 Utval	17
2.4.4 Bortfall.....	18
2.5 Supplerande metodar	18
3. Teori.....	19
3.1 Kyrkja og diakonien.....	19
3.1.1 Definisjon av kyrkje	19
3.1.2 Diakoni definisjon	21

3.1.3	Diakonien i dag og utdjuping av Dnk si definisjon av diakoni	23
3.1.4	Den diakonale kyrkja i Apostelgjerningane	27
3.2	Ungdomskultur	29
3.2.1	Emerging adulthood og generelle kjenneteikn	29
3.2.2	Trendar i dagens samfunn	31
3.2.3	Einsemd	34
3.2.4	Livssyn og verdiar	34
3.3	Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.....	36
3.3.1	Om Sjømannskyrkja	36
3.3.2	Utfordringar kyrkja står ovanfor	38
3.3.3	Sjømannskyrkja – god rollemodell.....	39
4.	Presentasjon av undersøkinga.....	44
4.1	Introduksjon	44
4.2	Resultat frå spørjeundersøkinga.....	45
4.2.1	Spørsmål 1 – 8	45
4.2.2	Spørsmål 9	46
4.2.3	Spørsmål 10	47
4.2.4	Spørsmål 11	48
4.2.5	Spørsmål nr. 12	48
4.2.6	Spørsmål nr. 13	49
4.2.7	Spørsmål nr. 14	50
4.2.8	Spørsmål nr. 15	50
4.2.9	Spørsmål nr. 16	50
4.2.10	Spørsmål nr. 17	51
4.2.11	Spørsmål nr. 19	52
4.2.12	Spørsmål nr. 20	52
4.2.13	Spørsmål nr. 21	53
4.2.14	Spørsmål nr. 22	54
4.2.15	Spørsmål nr. 23	54
4.2.16	Spørsmål nr. 24	55
4.2.17	Supplerande kommentrar	56
5.	Drøfting.....	57
5.1	Kva er dei unge sesongarbeidarane sine behov?	57

5.1.1	Behovet for å bli sett.....	58
5.1.2	Behovet for rusfrie miljø	59
5.1.3	Behovet for meir informasjon	60
5.1.4	Behovet for ein person med teieplikt.....	60
5.1.5	Behovet for samtalegrupper	60
5.1.6	Behovet for eit fritidslokale.....	61
5.2	Å byggja bru mellom sesongarbeidarane og kyrkja.....	61
5.2.1	Tillit	62
5.2.2	Oppsökjande kyrkje.....	62
5.2.3	Ha ei interesse for den enkelte.....	63
5.2.4	Synleggjera menneskeverdet	64
5.3	Å skapa møteplassar	64
5.3.1	Fritidslokale	64
5.3.2	Medarbeidarar, lokale og person med teieplikt	65
5.3.3	Ulike aktivitetar	65
5.3.4	Sjå nye sesongarbeidarar	66
5.3.5	Informasjon til sesongarbeidarane.....	66
5.3.6	Stillerom	67
5.3.7	Smågrupper.....	67
5.3.8	Inkludering av fleire miljø.....	67
5.4	Andre behov kyrkja kan møta.....	68
5.4.1	Krisehandtering	68
5.4.2	Kjempa for deira rett	68
5.4.3	Samarbeid	69
6.	Avslutning.....	73
7.	Kjelder	75
Vedlegg	78
Vedlegg 1:	Spørreundersøkelse for sesongarbeidere i Hemsedal	78
Vedlegg 2:	Resultat av spørjeundersøkinga	83
Vedlegg 3:	Faksimile frå Hallingdølen, laurdag 22. mai 2010	93

Samandrag

Vinteren 2010 vart eg tilsett hjå Hemsedal kyrkjelyd i eit kartleggingsprosjekt retta mot sesongarbeidarane i Hemsedal. Ut i frå dette prosjektet, laga eg ei spørjeundersøking som også vart grunnlaget i denne oppgåva. Eg vonar oppgåva kan vera ein ressurs til andre som er i same situasjon, og vera med å inspirera andre til å starta liknande arbeid blant sesongarbeidarar. Problemstillinga eg stilte var: ”Korleis kan kyrkja, gjennom sitt diakonale arbeid, møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter?

- Utgangspunkt i ei undersøking gjort blant sesongarbeidarane i Hemsedal”.

Kyrkja kan møta sesongarbeidarane på mange ulike måtar. Eg ser det som sentralt å fyrst finna ut kva for ulike behov sesongarbeidarane har på dei ulike stadane. Deretter vil det vera viktig å byggja relasjonar gjennom ulike måtar. Dette kan ha fleire uttrykk, men til dømes gjennom å vinna tillit og sjå den enkelte. Det mest sentrale er å uttrykkja det kristne menneskesynet og vera eit medmenneske mellom anna gjennom inkluderande fellesskap på ein truverdig og ekte måte. Konkrete måtar dette kan gjerast på, er til dømes å oppretta eit lokale og liknande som kan vera som ein base, eller som ein ”heim” for sesongarbeidarane. Her ser eg det som viktig at sesongarbeidarane blir møtt med stor gjestfridom og er eit inkluderande fellesskap. Ut i frå ein slik ”heim”, kan ein til dømes arrangera rusfrie arrangement som til dømes felles middagsmåltid, felles toppturar, fotball – og volleyballturneringar. Andre måtar kyrkja kan bidra på er å ha ein person med teieplikt lett tilgjengeleg for sesongarbeidarane. Å gje ut informasjon om til dømes arrangement som skjer i bygda eller andre faste aktivitetar, kan også vera eit viktig moment. Ut over dette, kan kyrkja til dømes bidra med krisehandtering og kjempa for sesongarbeidarane si rett. Det vil også vera sentralt å ha eit godt samarbeid, både innafor kyrkjelyden, men også med lokale instansar i kommunen.

1. Innleiing

Tema i denne oppgåva er kyrkja sitt møte med sesongarbeidarar ved eit kommersielt skisenter. I 2008 danna kyrkja i Hemsedal ei arbeidsgruppe med representantar i frå prostekontoret frå både Hemsedal og Geilo. Dei har arbeida kring spørsmålet om korleis kyrkja kan bli betre i møte med turistane og alle sesongarbeidarane på dei ulike turistdestinasjonane, Hemsedal og Geilo. På bakgrunn av dette vart eg tilsett av Den norske kyrkja i Hemsedal 15. januar 2010 - 1. mai 2010 i ei miljøarbeidarstilling der sesongarbeidarmiljøet var hovudsatsingsområde. Då eg ikkje hadde fullført diakoniutdanninga, fekk eg tittelen "miljøarbeidar". Med utgangspunkt i denne stillinga, vart oppgåva forma.

1.1 Oppgåva sitt formål

På bakgrunn av ulike problemstillingar eg kom over i Hemsedal som utsending frå Den norske kyrkja, hadde eg eit sterkt ynskje om å finna ut kyrkja eigentlege rolle i eit sesongarbeidarmiljø. Ved ei fordjuping i desse problemstillingane, ville eit slikt arbeid bli meir konkret. Det var også spanande å skriva ei slik oppgåve, då ingen har skrive om akkurat dette tema før. Fleire har lang erfaring når det gjeld kyrkja sitt møte med sesongarbeidarar på ulike stader i verda, men etter som eg har forstått, er det ikkje skriveno forskingsprosjekt rundt dette. Eg har eit ynskje om at dei erfaringane eg har hausta, og det eg har funne ut, skal vera til hjelp for andre kyrkjelydar på andre turist- og ski-destinasjonar. Hemsedal kommune er også interessert i prosjektet og ville veta meir korleis stoda var for sesongarbeidarane i Hemsedal.

1.2 Bakgunn for val av tema og kva oppgåva dreiar seg kring

Som tidlegare nemnt, vart eg tilsett i Den norske kyrkja i Hemsedal i midten av januar 2010 som miljøarbeidar. Målet var mellom anna å kartleggja sesongarbeidarane i bygda sine behov, skapa eit alternativt, rusfritt miljø for sesongarbeidarane, inkludera dei i det som allereie skjedde i Hemsedal, og å vera ein kontakt mellom sesongarbeidarane og arbeidsgjevarar. Tanken var også at eg kunne vera ein kontaktperson og samtalepartnar for dei som måtte trengja det og vera med i det lokale kriseteamet om det skulle vera behov. Sjølv om eg hadde eit lite utgangspunkt i desse førebels måla, opplevde eg det likevel uklårt kva eg eigentleg skulle gjera. Mykje var ikkje på plass som til dømes lokale og eige kontor. Den norske kyrkje ville ikkje leggja for mange føringar på meg, då ei slik stilling er personavhengig. Eg måtte på mange måtar prøva finna måtar å jobba på som eg sjølv var komfortabel med. Fleire gongar

spurde eg meg sjølv kva for rolle eg eigentleg hadde i eit slikt miljø. Kva hadde kyrkja å bidra med? Kva innfallsinkel skulle ein bruka for å få kontakt med sesongarbeidarane utan å trengja seg på dei? Var det eigentleg behov for kyrkja i eit slikt miljø? I løpet av vinteren fekk eg eit godt innblikk i ein “kultur” som mange i kyrkjelyden kanskje ikkje kjenner til. Eg opplevde å bli svært engasjert i prosjektet, og hadde lyst til å formidla mine erfaringar vidare til andre som måtte vera interessert i same tema. Difor valte eg å skriva masteroppgåve kring dette tema.

1.3 Problemstilling

”Korleis kan kyrkja, gjennom sitt diakonale arbeid, møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter?

- Utgangspunkt i ei undersøking gjort blant sesongarbeidarane i Hemsedal”.

1.4 Ordforklaringer

1.4.1 Sesongarbeid og Hemsedal

Sesongarbeid er arbeid som berre blir driven ein avgrensa del av året. Dette til dømes landbruk, skogbruk eller turist - og servicearbeid i skisesongen. Hemsedal, ei lita bygd i Hallingdal, midt mellom Bergen og Oslo, er ein stor turistdestinasjon i skisesongen, då dei er kjent for sin praktfulle natur og dei fantastiske ski- og friluftslivmøglegheitene. Her kjem det sesongarbeidarar og jobbar vanlegvis frå november til fyrste helga i mai kvart år. Det er uvisst kor mange sesongarbeidarar det er snakk om, men om lag 5-600 personar, om ikkje meir. Dei aller fleste er i frå Sverige, men det finst også arbeidarar frå Polen, Danmark, Litauen og Noreg. Den største arbeidsgjevaren er Hemsedal skisenter med rundt 250 arbeidstakarar. Elles jobbar sesongarbeidarane til dømes i butikkar, i reingjeringsfirma, i restaurant- og utelivsbransjen og hotell.

1.4.2 Kommersielt skisenter

Eit kommersielt skisenter vil seia eit skisenter eller -anlegg som er drifta og eigd av private interesser, for å tene pengar og gå med overskot.

1.4.3 Diakonalt arbeid

I problemstillinga nyttar eg ordet ”diakonalt arbeid”. Kva eg meiner med diakoni, vil eg koma tilbake til seinare i oppgåva. Men eg kjem ikkje til å nytta omgrepene ”diakonalt arbeid” i

oppgåveteksten, då eg i denne oppgåva ser på det praktiske, sosiale arbeidet ut i frå kyrkja som diakonalt arbeid.

2. Metode - val av metode

I dette kapittelet skal eg ta for meg den kvantitative metoden. Eg vil skriva litt om val av metode, sjå nærmere på omgrepene “kvantitativ” og deretter trekkja kort inn kva som kjenneteiknar denne metoden. Vidare vil eg gå inn på einingar og populasjon. Grunna mangel på plass, vil eg kort nemna kva som meinast med omgrep som einingar, respondentar, populasjon og operasjonalisering. Deretter vil eg presentera spørjeskjema der eg presenterer graderingsskjema, utforming av skjema, motivasjon for å svara, og kort om utfordringar kring spørsmåla. Vidare vil eg trekkja fram metodekritikk der eg særskilt vil sjå på reliabilitet, validitet, utval, bortfall. Til slutt skal eg kort trekkja dei supplerande metodane eg har brukt.

2.1 Val av metode

Frå byrjinga av kartleggingsprosjektet i Hemsedal vinteren 2010 var tanken å intervju eit lite knippe med sesongarbeidarar, altså ei kvalitativ undersøking, mot slutten av sesongen. Men etter som tida gjekk, vart det meir aktuelt å få eit breiare overblikk over kva som rørte seg i sesongarbeidarmiljøet, og eg ynskte å laga ei spørjeundersøking til sesongarbeidarane, altså ei kvantitativ undersøking.

Etter samtale med rettleiaren min på Diakonhjemmet høgskule, fekk eg positive tilbakemeldingar på at ei kvantitativ spørjeundersøking absolutt kunne vera eit alternativ og eit godt utgangspunkt i ei masteroppgåve. Tanken bak det heile var at ei slik undersøking ville bli med på å gje eit større bilet mellom anna kring dei sosiale høva til sesongarbeidarane generelt i Hemsedal. Den ville også vera med å sjå på kva som er typisk for denne gjengen, om det var noko som utmerka seg, kva gjennomsnittet låg på osv. Eg ville prøva gripa fatt i det som var representativt og gjennomsnittleg for denne gruppa, og eg ynskte opplysningar kring eit bredt spekter av sesongarbeidarar, som mest truleg ville vera med på å danna eit bilet av forholda til sesongarbeidarane. Undersøkinga ville også vera med på å gje ei betre oversikt for ein eg skulle skriva i slutten av kartleggingsprosjektet til Hemsedal kommune.

Spørsmåla i undersøkinga vart standardiserte slik at alle sesongarbeidarane ville bli stilt ovanfor dei same spørsmåla. Eg ville då få moglegheit til å sjå samanhengar og mønster som ville gå igjen kring det eg var på jakt etter. Undersøkinga ville naturleg nok ikkje gje eit heilt nøyaktig bilet av kva som skjulte seg på innsida av miljøet hjå sesongarbeidarane, men eg ville i alle fall få eit litt betre inntrykk av breidda. Ei anna viktig årsak til at eg gjekk i gang med undersøkinga, var at eg då hadde noko konkret å koma med, noko handfast eg kunne gje

ut til sesongarbeidarane. Eg såg for meg at det ville bli ein naturleg innfallsport med tanke på å koma i kontakt med sesongarbeidarane og arbeidsgjevarane.

2.2 Kvantitativ metode

Forsking sentrarer seg kring høve som til dømes det fenomenet som skal studerast, innsamling av data og analyse og fortolking av data. Omgrepene “kvantitativ” viser til særskilte eigenskapar for forsking. Kvantitet tyder mengde eller tal. Kvantitative data er lagt til rette slik at kvalitetane ved eit fenomen kan teljast opp. Gjennom spørsmål og hypotesar som ligg til grunn for utarbeiding av skjema, blir gjerne kategorisert i forkant. Innsamling av kvantitative data er prega i stor grad av strukturering og lite fleksibilitet. Når ein skal utarbeida ei spørjeskjemaundersøking, utarbeidar ein spørjeskjema på førehand av datainnsamlinga, og det kan ikkje bli endra i etterkant. Forarbeidet er viktig blir gjort grundig, og det kan vera eit viktig poeng å setja seg godt inn i relevant teori og tidlegare gjennomførte undersøkingar kring det område som skal studerast før ein avgjer databehovet og korleis dataa skal samlast inn. Ein kan også prøva ut spørjeskjema på eit testutval før undersøkinga blir gjennomført. Det vil alltid vera ein fare for å gå glipp av viktig informasjon. Fordelen med kvantitativ datainnsamling er at ein kan inkludera mange einingar i undersøkinga og mellom anna trekkja slutningar om typiske trekk ved det ein skal undersøkja (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 313).

2.2.1 Einingar og populasjon

Dei eg ville veta noko meir om, var sjølvsagt sesongarbeidarane. På fagspråket kan ein kalla også desse for einingar. Dei som svarte på undersøkinga, vert kalla *respondentar*. Målgruppa for undersøkinga var som sagt sesongarbeidarane i Hemsedal, altså dei arbeidarane som kjem tilreisande til Hemsedal for å arbeida i løpet av vintersesongen. Denne gruppa kan også kallast *populasjonen* (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 205). Med andre ord er popluasjonen med på å peika på det totale antalet organismar av ein særskild art. I dette tilfelle er det sesongarbeidarane i Hemsedal. Grønmo definerar populasjonen som ei “samling av alle enhetene som et forskningsspørsmål gjelder for” (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 206). I mitt tilfelle har det vore vanskeleg å finna eit nøyaktig tal på kor mange sesongarbeidarar det er i Hemsedal. Under kartleggingsprosjektet prøvde eg å få tak i eit nøyaktig tal frå arbeidsgjevarar, turistnæring, kommunen, banken, Hallingdal politidistrikt osv., men ingen hadde eit nøyaktig tal. Eit cirka-tal har vore 600 sesongarbeidarar. Men eg har hørt at det kan vera heilt opp til 1000 personar. Eg fekk tak i ei liste med ei lang rekke

bedrifter og telefonnummer i Hemsedal, og ringde rundt til kvar og ein av dei for å forhøyra meg om kor mange tilsette det var hjå deira bedrift, med alder og nasjonalitet. Eg enda opp med eit tal kring 550 sesongarbeidarar.

Men her er det mange feilkjelder. For det fyrste er det fleire som jobbar på fleire stadar i løpet av sesongen. Dei kan då vera registrerte hjå fleire arbeidsgjevarar. Enkelte kan også ha blitt registrert som sesongarbeidarar, men er meir eller mindre fastbuande i Hemsedal. I feriar og andre tider i sesongen det er mykje folk i Hemsedal, kan det til dømes ved ulike kafear vera dobbelt så mange arbeidarar. Det kan også i enkelte tilfelle vera vanskeleg å definera nøyaktig kva som kan kategoriserast som sesongarbeidarar. Slik eg har definert det, er sesongarbeidarar dei som kjem tilreisande til Hemsedal for vintersesongen for å jobba. Men kva med dei som får jobb vidare om sommaren? Det er difor vanskeleg å finna eit nøyaktig tal på populasjonen. Etter mi berekning, trur eg ikkje det er fleire enn 5-600 sesongarbeidarar. Sjølv om det ideelt sett hadde vore best å få utfylte spørjeskjema frå heile populasjonen, ville ikkje dette vera realistisk å gjennomføra. Difor har det vore mest aktuelt å ta eit *utval* av populasjonen, *ei utvalsundersøking*.

2.2.2 Operasjonalisering

Operasjonalisering vil seja prosessen frå det generelle til det konkrete. Ein klassifiserer eit fenomen i tydelege kategoriar (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 64). I mitt tilfelle, då eg er opptatt av kva kyrkja kan gjera i høve til denne gruppa, ynskte eg mellom anna å undersøkja kva for behov sesongarbeidarane hadde. Eit døme kan vera behovet for inkluderande fellesskap. Er det nokon frå sesongarbeidarmiljøet som opplever seg ekskludert? Eg valte då å stilla spørsmål kring det sosiale livet kring vener, utfordringar, behovet for alternative miljø osv. Dersom det hadde vore ein annan forskar, frå ein annan fagretning, som ville finne ut om det same i den same gruppa, hadde han mest truleg valt ei anna vinkling for å finna svar på dette.

2.3 Spørjeskjema

2.3.1 Presentasjon av spørjeskjema

Spørjeskjemaet hadde 25 spørsmål der to av dei var opne for å gje rom for å svara kvalitativt eller å sikra at tilhøve spørsmåla ikkje kjem inn på, kunne fangast opp. Undersøkinga ville også vera med som eit grunnlag for ein rapport eg skulle gje til Hemsedal kommune i høve til prøveprosjektstillinga. Difor tok eg med nokre ekstra spørsmål som var interessante for kommunen å veta. Desse spørsmåla vil eg ikkje kommentera utdjupande. Dette gjeld særskilt spørsmål 1-8 som er reine informative opplysningar. Spørsmåla dreiar seg kring kjønn, alder, land, kvar dei bur og korleis dei bur i Hemsedal, jobb, fulltidsjobb eller deltids jobb og kor lenge dei har jobba i Hemsedal.

Spørsmål 9 – 12 er med på å gje ein viss peikepinn kring fritida til sesongarbeidarane. Dette for å få ei betre oversikt om det mellom anna er nokon som fell utanfor det sosiale miljø eller som ikkje blir inkludert i miljøet i Hemsedal.

Vidare i undersøkinga var tanken å få ei viss peiling på kva sesongarbeidarane opplever dei kan ha behov for i høve til inkludering og korleis ein kan møta sesongarbeidarane best mogleg. Mellom anna dreiar det seg om kva for aktivitetar i rusfri regi som kunne vere interessante for sesongarbeidarane.

Spørsmål 17 – 20 har eg stilt for å få ei viss peiling på korleis kyrkja kan vera til hjelp når det gjeld nestekjærleik. Kva eg meiner med *kyrkja*, vil eg koma tilbake til i teorikapittelet. Korleis kan ein vera med å skapa miljø for sesongarbeidarane slik at dei kan trivast betre? Dei siste spørsmåla sentrar seg kring sesongarbeidarane sitt andelege liv; er det noko dei saknar? Er det nokon som ynskjer meir deltaking kring eit kristent fellesskap? Eg har valt å ikkje presentera dei ulike grafane i innleiingsspørsmåla her, men heile undersøkinga med grafar ligg ved som eit vedlegg til oppgåva.

2.3.2 Graderingssystemet

I store delar av spørjeskjemaet valte eg å bruka eit graderingssystem frå 1-6 då eg mellom anna vart anbefalt denne type gradering. Dette fordi det i spørjeundersøkinga stort sett blir operert med tal. Korleis den enkelte vurderer ein trear, firer eller femmer, ville mest truleg ikkje ha så mykje å seia. I og med at forholdsvis mange ville svara på skjemaet, ville gjennomsnittet likevel gje ein god indikasjon kring sesongarbeidarane. Nokre ville kanskje svara ein for mykje, og andre ein for lite. Eg vurderte det som at tal var enklare å bruka til statistisk formål. Dersom eg berre hadde brukt setningar som graderingssystem, ville det også

ha vore rom for tolkingar. Eit døme kan vera vener. Kva er ”Få vener”? 4 eller 100? Kva er ”Mange vener”? 2 eller 600? Og kva er den individuelle terskel for å kalla ein ein ven og ikkje ein kjenning? Dersom dei sjølve fekk vurdera på ein skala frå 1-6, meinte eg dei då ville få større spelerom for å kunna gje eit tydelegare bilet til kva dei sjølve meinte. Difor enda eg opp med å bruka graderingssystemet frå 1-6. Eg kan då rekna ut gjennomsnittet på dei ulike spørsmåla. Då ville eg få ei viss peiling kring dei ulike områda.

Då eg skulle telja opp og presentera resultata til folk, skrifteleg og munnleg, opplevde eg det vanskeleg å gje eit konkret og presist uttrykk for dei ulike verdiane. Kva var 4 eit uttrykk for? Måten eg har løyst dette på, er å dela opp graderingssystemet i tre delar. For å gjera det heile meir oversikteleg og meir konkret, har eg valt å dela inn graderingssystemet og tala frå 1-6 i tre ulike bolkar. 1 og 2 har eg valt å slå saman til ”Lite tid”, 3-4 er ”middels mykje tid” og 5-6 er ”mykje tid”. Når eg skal presentera undersøkinga i teksten, vil eg bruka dei tre inndelingane i tekstform i staden for i tal form. Eg opplever dette meir oversikteleg og meir informativt.

I og med at eg ikkje visste kor mange som ville fylla ut skjema, skreiv eg ut ca. 350 skjema. Eg rekna kanskje med at 150 sesongarbeidarar ville svara på skjema. Resultatet vart 110 utfylte spørjeskjema. Ein kan då seia at *bruttoutvaled* var kring 350. Av desse 350 var det 110 som fylte ut skjema. Altså 31,4 % av dei 350. *Nettoutvaled* vart altså 110 respondentar. Ein vanleg svarprosent er kring 30% og 40%.

2.3.3 Utforminga av skjema

Utfordingane stod i kø i byrjinga av utforminga av skjemaet. For det første var det vanskeleg å finna ut kva spørsmål eg ville stilla til sesongarbeidarane og korleis eg skulle stilla dei skjematiske opp. Kva ville sjå mest oversikteleg ut? Korleis skulle avkryssingstabellane sjå ut? Hadde eg for mange spørsmål? Ville sesongarbeidarane mista motivasjonen når dei fekk skjemaet? Ei anna utfording var sjølve språket skjemaet skulle vera på. Eg hadde det på norsk og engelsk, men kva med dei polakkane som korkje kunne norsk eller engelsk? Eg fekk difor ei polsk veninne av meg til å omsetja heile skjema til polsk.

2.3.4 Motivasjon for å svara

For å få flest mogleg til å fylla ut skjema, ville motivasjon vera ein særsviktig faktor. Det er noko Johannessen, Tufte & Kristoffersen (2009) også poengterer. Korleis tema vedkjem respondentane, måten ein møter målgruppa i høve til orienteringsbrev og korleis spørjeskjema er utforma, har også ein del å seia i høve til å få folk til å utfylla skjema (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 210).

Tanken kring utlevering av skjema var å gå rundt til dei ulike bedriftene, snakka med kvar enkelt, vera der då dei fylte ut, eller koma att etter dei hadde fylt ut skjema. Då det var svært mange sesongarbeidarar å nå ut til, og sesongarbeidarane var anten opptekne med arbeid, eller var heime hjå seg sjølv, kontakta eg leiarar ved ulike bedrifter i Hemsedal som igjen skulle levera skjema til sine arbeidstakrar og til andre arbeidsgjevarar i andre avdelingar. Eg informerte dei eg leverte skjema ut til at det var viktig at dei gav dei vidare til sine tilsette, og grunngav kvifor dette var ei viktig undersøking. I same stund vart det avtalt dag for henting av skjema. I mellomtida gjekk eg rundt i butikkar og andre stader med spørjeskjemaet for å møta sesongarbeidarane, noko eg opplevde at fungerte bra då eg fekk gode samtalar kring tema og deira oppleveling av å vera sesongarbeidar i Hemsedal. Då eg skulle samla inn skjema, fekk eg ikkje inn så mange som eg hadde håpa eg skulle få inn.

Turistkontoret i Hemsedal sponsa mellom anna med enkelte premiar. Dette skulle fungera som ei gulrot for å skapa meir motivasjon kring utfyllinga av skjemaet. Problemet her vart kring anonymiteten. I samråd med andre fann eg ut at respondentane kunne senda meg ei tekstmelding. Då kunne eg bruka sjølve mobilnummeret som eit lodd i trekninga utan at personen trengde opplysa korkje namn eller adresse. Rundt 30% av alle som fylte ut skjema, sende meg melding og ville vera med i trekninga av premiane. Eg merka også godt at responsen var størst då eg sjølv gjekk rundt og fortalte om undersøkinga, og motiverte folk til å fylla ut. Motivasjonen vart desto større då eg sat og venta på at dei skulle fylle ut, og dei hadde moglegheiter for å stilla spørsmål om noko var utydeleg.

2.3.5 Spørsmåla

I høve til spørsmålsformuleringane ser eg dei kan tolkast ulikt, og ein kan ha forskjellege assosiasjonar som kan liggja til grunn i høve ordlyden og spørsmålsformuleringane i spørsmåla. Til dømes spørsmål 22: *Har du vært med på arrangement knyttet til ditt livssyn/tro etter du kom til Hemsedal?* I og med at det kan vera fleire måtar ein kan delta på arrangement, kan det vera fleire tolkingar i bilet. Kanskje nokon ser på det å delta på arrangement i høve til deira livssyn på heilt andre måtar enn det *eg* oppfattar som å delta på arrangement knyta til trua.

2.4 Metodekritikk

2.4.1 Reliabilitet

Reliabilitet, datas pålitelegheit, (frå det engelske ordet reliability og tyder pålitelegheit) er eit heilt sentralt og grunnleggjande spørsmål i all forsking. Det blir knyta til undersøkingas data, kva for data som blir brukt, måten det blir samla inn på, og korleis dei blir arbeida med. Det hadde til dømes vore høgare reliabilitet dersom eg hadde hatt eit kamera som fylgte med sesongarbeidarane gjennom heile sesongen enn å spørja folk via eit spørjeskjema. Det finst ulike måtar ein kan testa datas reliabilitet. Ein kan for det første gjenta same undersøking på same gruppe på to ulike tidspunkt. Om ein får inn same svar på både tidspunkta, vil det peika på ein relativt høg reliabilitet. Ein annan moglegheit vil vera at fleire forskrarar undersøker same fenomen, altså den sentrale idé eller hending, også kalla kjernekategorien (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 46, 178). I og med at eg har hatt avgrensa med tid, har eg ikkje kunna utføra nokre av desse testane kring undersøkinga mi.

2.4.2 Validitet

Data som kjem inn i ei slik kvantitativ undersøking, er ikkje sjølve røynda, men representasjonar av den. I denne samanheng vil det vera relevant å spørja kor godt eller relevant data representerer fenomenet. Ei form for validitet blir kalla omgrepvaliditet. Det er relasjonen mellom det generelle fenomenet som skal undersøkjast og dei konkrete data. Er dei data ein har gode representasjonar av det generelle fenomen? Eit døme kan vera “vener”. I undersøkinga mi ville eg undersøkja korleis sesongarbeidarane hadde det sosialt sett, kor inkluderte dei var i miljøet. Difor spurde eg mellom anna kor mange vener dei hadde. Ofte blir mange vener rekna som høgare livskvalitet, og motsett. Men denne operasjonaliseringa ville nok skapt motførestellingar. Det skal seiast at ein kan ha få, men gode vener og likevel

føla seg godt inkludert i eit fellesskap. Dette kan vera eit døme på låg omgrepsvaliditet (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 71, 72).

2.4.3 Utval

Det er fleire måtar ein kan gjera ulike utval av populasjonen. Eg vil ha eit fokus kring *tilfeldigheit/randomisering* då dette er mest aktuelt i mitt tilfelle. Undersøkinga eg har gjort, er det representative utvalet meir eller mindre tilfeldig. Her er det fleire faktorar ein må ta omsyn til. Resultata som kom inn via spørjeskjema, vil vera med å representera ei miniatyrverd av alle sesongarbeidarane (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 207). Eg vil då presisera at det vil vera fleire faktorar som kan vera med å gjera dette utvalet lite påliteleg. For at det skal vera eit mest mogleg representativt utval, må samansetninga i utvalet kring alle viktige eigenskapar tilsvara samansetninga i populasjonen. Altså at utvalet kan representera samlege einingar. Eit slikt utval er særstakt vanskeleg å få til. Ein kan så og seia at ein aldri med 100% sikkert har eit utval utan tilfeldige skeivdanninger.

Eg har ikkje visst med sikkerheit kor mange ulike nasjonalitetar som jobbar i Hemsedal. Men eg har hatt ei viss aning korleis dei ulike nasjonalitetane er spreidd rundt forbi i dei ulike bedriftene. Til dømes jobbar dei aller fleste polakkane i reingjeringsbyrå, og ingen av dei jobbar i direkte tilknyting til skisenteret. Svenskane derimot, jobbar for det meste i skisenteret eller i utelivsbransjen. Difor har eg vore observant på å spreia skjema rundt til dei fleste bransjane i Hemsedal, og ikkje berre halda undersøkinga innanfor ei bedrift. Då ville det mest truleg vore store skeivdanninga innan den meir tilfeldige utvalde populasjonen, og det ville på langt nær bli eit godt representativt utval. Men det er inga enkel oppgåve å ta omsyn til at alle variablane i spørjeundersøkinga, knyta til dømes til kjønn, nasjonalitet og alder, må ha same fordeling i utvalet som i populasjonen. Ein måtte då ha visst korleis alle sesongarbeidarane har det på alle områder, og undersøkinga ville ikkje vore nødvendig i utgangspunktet (Johannesen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 207).

Populasjonen i mi undersøking er forholdsvis lita i høve til andre populasjonar som til dømes kan vera fleire millionar. I fylgje Johannesen, Tufte & Kristoffersen (2009) er det ikkje ein bestemt samanheng kor store utvala må vera. Det avgjerande er ikkje kor stor del av populasjonen utvalet representerer, men den *absolutte storleiken* på *utvalet*. Det er avgjerande korleis populasjonen er samansett, om den er homogen eller heterogen.

2.4.4 *Bortfall*

I denne samanheng er bortfalls prosenten eit viktig moment. Johannessen, Tufte & Kristoffersen (2009) skriv at 5-10% bortfall ikkje har så mykje å seia for sjølve undersøkinga, fleirtalet vil då tala for seg. Same kva dei andre prosentane hadde svart, hadde det ikkje hatt stor påverknad på undersøkinga. Problemet når ein ikkje har ei oversikt over populasjonen, er at ein ikkje veit kor representativt utvalet er. Usikkerheita blir større når ein skal generalisera frå utval til populasjon. Dette sentrarar seg kring spørsmål kring ytre validitet (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2009, s. 211)

2.5 Supplerande metodar

Andre metodar som er brukt for å få inn opplysningar og fakta kring problemstillinga mi, har mellom anna vore gjennom samtalar. Eg har snakka med mange av sesongarbeidarane sjølv, dei fastbuande, tilsette i kommunen, helsetenesta, turistnæringa osv. utan det har vore formelle intervju. Informasjonen eg har fått gjennom desse kontaktane, har også vore viktig i mitt arbeid med oppgåva. Eg har også brukt litteratur for å få meir informasjon kring dette. Eg har brukt både fagbøker, rapportar, tidsskrift, artiklar, internett osv.

3. Teori

I denne delen av oppgåva ynskjer eg å gje eit teoretisk grunnlag for drøftingsdelen i slutten av oppgåva. Det vil i hovudsak vera tre hovudgreiner eg ynskjer å sjå nærare på. Fyrst vil eg ta for meg kyrkja og kyrkjelyden med hovudfokus på det diakonale arbeidet, deretter vil eg sjå nærare på ungdomskulturen og til slutt i teorikapittelet vil eg ta eit nærare blikk på Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.

3.1 Kyrkja og diakonien

Diakoni er ein av grunnpilarane i kyrka. Difor vil eg i dette kapittelet fokusera på den diakonale kyrkja. Fyrst vil eg definera kyrkje og seja litt rundt kva ein kan leggja i dette omgrepet. For å få eit breiare innblikk i kva som meinast med diakoni, vil eg sjå på enkelte definisjonar om diakoni og sjå dei i lys i høve til einannan. Vidare vil eg trekkja fram definisjonen Den norske kyrkja har pr. dags dato, og sjå på dei ulike elementa i denne definisjonen. I og med at Apostelgjerningane opp igjennom kyrkja si historie vore av særleg stor betyding for forståinga av diakoni, vil eg kort gje eit innblikk i kva dei la vekt på. Til slutt vil eg trekkja inn nokre ord om korleis diakonien blir organisert, då eg ser på dette som eit viktig element innanfor diakonien i dag.

3.1.1 Definisjon av kyrkje

Sjølve ordet ”kyrkje” kjem frå det greske ordet ”ekklesia” og er ei nemning på ei samling av menneske som er kalla saman (Henriksen, 1994, s. 208). ”Ekklesia” blir også brukt både i konkret tyding om ein lokal kyrkjelyd og meir omfattande om den universelle kyrkjelyden. Dette inneber alt Guds folk på alle stadar og til alle tider (Gilbrant, 1998, s.1748). Kyrkja består av menneske. ”Ekklesia” handlar altså både om det å komme saman, og om den gruppa som kommer saman (Hegstad, 2009: 19). For Henriksen (1994) vil det vera naturleg å skilja ”kyrkje” og ”kyrkjelyd”. Han meiner ordet ”kyrkje” ofte vil innebera meir enn det som er felles for ein bestemt stad. ”Kyrkjelyd” vil derimot ofte vera ei nemning for den konkrete forsamlinga på bestemte stadar. Som tidlegare nemnt, er opphavet for både orda det greske ordet ”ekklesia” (Henriksen, 1994: 208).

Kyrkjedefinisjonen i Matt. 18, 20

I enkelte samanhengar blir Matteus 18, 20 kalla for “Kyrkjedefinisjonen”: “For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt i blant dei”. Dette verset har vore ein nøkkelstad for ekklesiologisk tenking, altså måtar å tenkja kyrkje på, heilt sidan urkyrkja. Poenget med å bruka dette bibelverset som ein definisjon, er ikkje å bruka dette som eit fundament for heile kyrkjetenkinga, men heller for å nytta det som eit utgangspunkt og eit fokuseringspunkt når ein snakkar om kyrkje.

Enkelte kan sjå det som både viktig og nødvendig å gå tilbake til urkyrkja og bruka den som mal og eit utgangspunkt for korleis ein kyrkjelyd skal vera. Andre vil påstå at det korkje er mogleg eller ynskjeleg å rekonstruera høva i dei ny-testamentlege kyrkjelydane. NT sine referansar for korleis ein kyrkjelyd skal vera, blir då ikkje av særskild teologisk interesse for dagens kyrkje (Hegstad, 1999). Eit døme kan vera Confessio Augustana (CA V11). Her definerast kyrkja som: “... forsamlingen av de hellige, der evangeliet bli lært rent og sakramentene forvaltet rett. Og til sann enhet i kirken er det nok å være enig om evangeliets lære og om forvaltningen av sakramentene” (Brunvoll, 1984: 48). Confessio Augustana ser på dette som dei mest grunnleggjande faktorane for ein kyrkjelyd, medan alt det andre kan ordnast på ulike måtar. Dette er ei klar og tydeleg kyrkjelydsforståing, men faren er å lukka ute andre viktige element som NT har å seia om det å vera kyrkje. Hegstad (1999) seier at sjølv om det ikkje er mogleg å gje direkte svar ut i frå tekstane i NT, er det ikkje det same som om tekstane ikkje har noko å seia i slike samanhengar. I utgangspunktet må kyrkja og kyrkja sine oppgåver søkja og finna berande strukturar i NT, og vera basert på Jesu liv og gjerning slik det kjem fram i NT. Likevel vil det vera viktig å ha den noverande situasjon for auge som ein kontekst for tolkinga (ibid., s. 18).

I daglegtalen blir ordet “kyrkje” brukt i hovudsak på tre måtar:

- a) Kyrkja i den eigentlege teologiske forstand som den universelle kyrkja, ei nemning for forsamlinga av dei som samlast i trua på Kristus over heile jorda.
- b) Kyrkja som eit kristent trussamfunn eller kyrkjelyd i meir avgrensa forstand.
Til dømes Den norske kyrkje (Henriksen, 1994: 208).
- c) Den siste eg vil leggja til er at ”kyrkje” ofte blir knyta saman med eit fysisk bygg.

I denne oppgåva ynskjer eg å bruka nemninga ”kyrkjelyd” då eg ser på kyrkje som forsamling av dei som vedkjenner seg den kristne trua, same kva for kyrkjesamfunn ein hører til. Eg tenkjer då verdsvidt og lokalt om det kristne fellesskap.

3.1.2 Diakoni definisjon

Diakoni kjem av det greske substantivet *diakonia* som vanlegvis blir oversett med ordet “teneste”. *Diakonia*, verbet *diakonein* (å tena), og substantivet *diakonos* (tenar) står nemnt alt i alt ca. 100 gongar i NT (Kjær Nielsen, 2003: 13).

Når det gjeld sjølve defineringa av diakoni, er det kome fram mange ulike forslag. Lindström (sitert i Engel, 2002, s. 49) peiker på at det kan henga saman med diakoniens oppgåver som stadig har ein endrande karakter i og med at det diakonale oppdraget er kontekstuelt. ”Uppgiften varierar över tid och rum, med den enskilda människans situasjon, och med den näd som är förhanden” (sitert i Engel, 2002, s. 49). Ut i frå dette blir det kvar einskild kyrkjelyd sitt oppdrag å definera sitt diakonale oppdrag ut i frå den situasjon ein kan finna i nærområde, men også ut i frå kyrkjelyden sitt teologiske synspunkt av kva ei diakonal grunnhaldning inneheld. Ein annan årsak til at det kan vera vanskeleg å formulera eit felles diakonomgrep, er ein generell mangel på kunnskap kring diakoni. Diakoni blir ofte sett på som noko uklårt, særskilt når det gjeld korleis ein skal forstå diakonien si rolle og funksjon i kyrkjelydane (Engel, 2002, s. 49).

Fokuset i denne oppgåva vil vera kring Den norske kyrkja (heretter forkorta til Dnk) sin definisjon frå 2007, då eg meiner denne omfamnar viktige aspekt i diakonien. ”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd” (Kyrkjerådet, 2008, s. 7). Eg ynskjer å konkretisera dei ulike områda i definisjonen, og då konsentrera meg om nestekjærleik og inkluderande fellesskap. Eg ser på desse to punkta som mest relevante for mi problemstilling.

Gamal definisjon av diakoni

Definisjonen i planen frå 1988/1997 er: ”Med diakoni forstås kirkens medmenneskelige omsorg og fellesskapsbyggende arbeid, og den tjeneste som i særlig grad er rettet mot mennesker i nød (Nordstokke, Det dyrebare mennesket - diakoniens grunnlag og praksis, 2002, s. 18). Her kjem det tydeleg fram at det er menneska sine behov som står i sentrum, og det er menneske som er i fokus, både som utøvar og som mål for det diakonale arbeidet. Ut i frå definisjonen, blir det diakonale arbeidet vidare delt inn i fire verksemdsområde:

- Materielt livsgrunnlag og sosial rettferd, med fokus kring dei materielle og sosiale høva menneske lever under.
- Kontakt og fellesskap, med fokus kring menneska sine behov for å høyra til og oppleva nærliek

- Sjelesorg, med fokus kring menneske sitt høve til Gud, seg sjølv og nesten.
- Helse- og omsorgsarbeid, med fokus kring arbeid for og blant menneske med fysiske og/eller psykiske lidingar (Johannesen, Jorheim, & Korslien, 2009, s. 13,14).

Jordheim (2009) peiker på at diakoni ofte har blitt nært knyta til ein venleg og snill omsorg, og mange gonger vore stillfarande og vore prega av det nære, personlege møte med eit medmenneske. I mange høve har dette sterkt fokuserte hjelpeperspektivet gjort diakoni til ein type velgjerdsarbeid.

Nytt syn på diakoni

I løpet av dei 20 siste åra har forståinga av diakoni innan Den norske kyrkja endra seg. Som eit resultat av dette, vart det laga ein ny definisjon på omgrepene diakoni. Den nye definisjonen er vidare, og ein ynskjer å sjå vekk i frå at det er *me*, dei sterke gjevarane, som skal ta oss av mottakarane, altså *dei* som er i naud. Ein må også prøva unngå å definera nokon som gjevarar og nokon som mottakarar. Rammene for diakonien skal vera fellesskapet der alle er like verdfulle. Nokre gongar er ein sterk og kan vera med å bera andre, medan andre gonger treng ein sjølv å bli bore. Ein grunnleggjande tanke er at alle skal få moglegheit til å vera med. Diakonien blir lyfta opp av Guds kjærleik som definerer eit fellesskap der alle er søsken og medarbeidarar (Jordheim, 2009). Generalsekretær i Kirkens SOS, Nora Blaasvær, meiner det ligg ei sterk kraft i det å tenkja *teneste* meir enn *hjelp*, og at ein *tener* einannan som kristne. Stundom kan også somme tiltak innan diakonien kjennast som nedverdigande (Det Teologiske Menighetsfakultetet, 2010). Den svenske definisjon synest eg har fått dette tydeleg fram; "Diakoni är uppdraget till kyrkan grundad i Kristi kärlek, att genom delaktighet, respekt och ömsesidig solidaritet möta *varandra* i utsatta livssituationer" (Svenska kyrkan). Her ser ein også at oppdraget eksplisitt er uttrykt i at diakonien er grunnfesta i Kristi kjærleik, og det er eit klart fokus kring menneske i utsette livssituasjonar. Folkekirkja i Danmark derimot, har i sin definisjon ingenting om menneske i naud: "Kirkens sociale arbejde kaldes diakoni, og bygger på bibelens fortælling om Jesus' møde med mennesker" (Folkekirken Danmark). Underforstått ser ein at Bibelen sine forteljingar kring Jesu møte med menneska, var prega av å sjå særskilt svake menneske i naud på ulike måtar, og dei utan høg rang.

Sjølv om den nye definisjonen til Dnk ikkje uttrykkjer eksplisitt noko om menneske i naud, må ikkje dette fokus fjernast frå diakoniens sentrum. Dei som svelt og tyrstar, dei framande, nakne, sjuke eller dei som er i fengsel, skal alltid ha eit særskilt fokus i diakonien. Og ut i frå dette vil det vera viktig å forstå og klargjera sjølve årsakene til menneskeleg naud og liding, og kjempa for endring av høve som fører vidare naudtilstandane, og skapar nye

livsmoglegheiter. Den nye definisjonen er meir prega av kamp, og oppmodar i større grad til å vera talsmenn, advokatar for fattige, ekskluderte, utsette og “stummelause” på fleire arena (Jordheim, 2009, s. 14).

Vern om skaparverket er også blitt fletta inn i diakonidefinisjonen. Naturen blir sett på som ein del av Guds skaparverk som menneske står i relasjon og avhengighet til, og er ikkje berre eit reiskap for behova til menneska. Forbrukarkulturen står sterkt i samfunnet i dag, og mange ulike krefter er med på å byggja opp under denne. Dnk ser det som viktig å fokusera på andre verdiar og gje kunnskap som kan vera med å skapa medvitne haldningar og alternative handlingsmønstre (ibid., s. 15).

3.1.3 Diakonien i dag og utdjuping av Dnk si definisjon av diakoni

Den diakonale kyrkja i dag har eit oppdrag med ulike arbeidsformer og vil ha mange uttrykk. Sjølv om organisering og former har endra seg gjennom alle åra, har diakonien vore ein del av kyrkja gjennom heile kyrkjehistoria, og alltid vore prega av å villa verna om omsorgstenesta (Kyrkjerådet, 2008). Ein skil ofte mellom allmenn -, organisert- og spesialisert diakoni.

Generelt kan ein seia at diakonien kjem til uttrykk i dei ulike kvardags – og kyrkjelydslivet. Den allmenne diakonien kjem til uttrykk ved at kvar enkelt og det kristne fellesskapet som einskap, blir utfordra når medmenneska møter små og store kriser. Ei slik omsorg vil noko dei aller fleste menneske trengja ein eller fleire gonger i løpet av livet. Diakonien gjev seg også til uttrykk gjennom meir organiserte former i kyrkjelyden som diakonar og diakoniarbeidarar. Desse oppgåvene blir gjennomførte på vegne av kyrkjelyden overfor utsette enkeltmenneske og grupper. Diakonen i kyrkjelyden leiar diakonitenesta i kyrkjelyden, og har mellom anna medansvar for å rekruttera, utrusta og rettleia frivillige medarbeidarar. Soknerådet og fellesrådet lagar retningslinjene for dette arbeidet (Kyrkjerådet, 2008).

Det diakonale arbeidet ein kan finna i diakoni-institusjonar og –organisasjonar, og som blir driven nasjonalt og internasjonalt innanfor ramma av Den norske kyrkja si vedkjenning, blir ofte kalla *spesialisert diakoni*. Internasjonal diakoni er ofte eit uttrykk for dei diakonale utfordringane som ein ser internasjonalt, med ei forankring i den lokale kyrkjelyden. Dette kan koma til uttrykk gjennom engasjement via misjons- og bistandsprosjekt, venskapsband med ulike kyrkjelydar på tvers av landegrensene (ibid.).

I fylgje Plan for diakoni, vil det vera viktig å ha klart for seg kvar dei diakonale utfordringane er, og korleis ein kan uttrykkja nestekjærleiken konkret, og sjå kven som er utestengd frå fellesskapet med andre. Kvar ligg nauda? Kva er oppgåva til kyrkja? Vidare må ein sjå på kva ressursar ein har. Kvar fins engasjementet? Kven har tid? Kva ligg det til rette

for? Kven kan ein samarbeide med og kven kan ein rekruttera som frivillige medarbeidrarar? (Kyrkjerådet, 2008).

Nestekjærleik

Bibelen utfordrar oss gong etter gong til å elska kvarandre: ”Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre” (Joh. 13, 34). Vidare blir det peika på at ”Vi elskar fordi han elska oss først” (1. Joh. 4, 19). Mellom anna i Matt. 10, 8 gav Jesus læresveinane ei tydeleg oppmading: ”Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine og driv ut vonde ånder! Gjev som gavé det de fekk som gavé”. Nordstokke (2002) seier at drivkrafta som ligg bak diakonien er at kvart menneske er unikt og dyrebart i Guds augo, og at Kristus kom for å gje menneska framtid og von. Jesus oppmodar oss ikkje berre til å elskja dei som elskar oss, men også våre fiendar (Matt. 5, 43) (Nordstokke, Det dyrebare mennesket - diakoniens grunnlag og praksis, 2002, s. 45). Tryggleik, oppmuntring og omsorg er viktige omgrep når ein snakkar om nestekjærleik (Kyrkjerådet, 2008, s. 16). Laugerud (1999) ser på diakoni som kjærleksspråket til kyrkja. ”Det er et språk som skapes når mennesker kommer ut fra møtet med Gud og speiler glansen av hans kjærlighet i sitt ansikt” (Laugerud, 1999, s. 40). Han lyfter fram Frans av Assisi sitt kall frå Gud. Ordenen Frans var ein del av levde det diakonale livet med ei veksling mellom å vera blant menneske, sjå og møta deira behov og å trekka seg tilbake for å vera aleine med Gud i bøn (ibid.).

Ein kvar person er alltid subjekt, same kva livssituasjon ein er i, og kva ytre høve ein står i. Mennesket si verdighet skal ikkje bli oppfatta som at ein kvar har verdi grunna kristne og andre velmeinande menneske seier dei har det. Menneskeverdets verdi er uavhengig av forsvar av andre. I etiske spørsmål vil dette vera eit grunnleggjande prinsipp. Menneskeverdets verdi kan ikkje graderast, og det er ikkje situasjonsbestemt. Det er eit kvalitetsteikn kvart eit menneske har fått frå Skaparen (Nordstokke, 1999, s. 44).

Særskilt unge menneske blir i dag stilt overfor mange val, og mange menneske ynskjer å kunna samtala om eksistensielle spørsmål i livet. Sjelesorg er difor ein viktig del av diakonien. Mange har også større og større behov for å ha det stilt, kvila og vera langsame. Desse behova blir kyrkja oppmoda til å koma i møte på ulike måtar med til dømes retreat, stille rom, gatekapell, opne kyrkjelokalar osv. (Kyrkjerådet, 2008, s. 18).

Foss (1992) påpeikar at nestekjærleik i praksis omfamnar heile menneske. Menneske er skapt med både tankar og kjensler, og reagerer på impulsar som kjem frå omverda. Desse kan vera med på å byggja opp og bryta ned eit menneske i høve til seg sjølv. Intervjuet Engel (2002) har gjort blant medarbeidrarar i kyrkjelydar i Sverige, har vist at eit diakonalt møte

prega av nestekjærleik, skal kjenneteiknast mellom anna av at ein byd på seg sjølv, viser medkjensle, har omsorg for den enkelte, er open i møte med menneske, tar seg tid, lydhør og er aktiv lyttande (Engel, 2002, s. 51).

Inkluderande fellesskap

Ein grunnpilar i kristen tru er at menneske er skapt til fellesskap - "Då sa Herren Gud: "Det er ikkje godt for mannen å vera åleine"" (1. Mos. 2, 18). Nordstokke (2002, s. 24) poengterer at eit godt liv føresetter gode relasjonar både til Gud, til nesten og til naturen. Den diakonale utfordringa blir blant anna i dette høve å styrkja banda mellom menneske og knyte nye band der forhold er sundrivne (Kyrkjerådet, 2008, s. 18).

Fagermoen (2008) peikar på eit viktig felt i høve til inkluderande fellesskap. Han meiner det å byggja inkluderande fellesskap er ein grunnleggjande dimensjon ved kyrkja sitt diakonale oppdrag. Inkluderande fellesskap blir som eit fundament for dei andre dimensjonane i definisjonen av diakoni. Mellom anna skildrar Paulus det kristne fellesskapet som "Kristi lekam": "Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han" - (1.Kor. 12, 27; jf. Rom. 12, 4) (ibid., s. 130). Denne metaforen er med på å understreka det nære forholdet mellom kyrkja og Jesus der Kristus er "i" den truande (Rom. 8, 10; 2. Kor. 13, 5; Gal. 2, 20) og dei truande er "i Kristus" - (2. Kor. 5, 17; Gal. 3, 27f; Fil. 3,9) (Hegstad, 2009, s. 25). Fagermoen (2008) nemner og fire viktige faktorar som er med på å kjenneteikna inkluderande fellesskap.

Det fyrste han lyftar fram er at "Alle er ett". Kristi lekam er eit tydeleg bilet på at alle er ein del av same lekam, alle er eitt, alle blir stilt på lik linje, same kven ein er og kvar ein kjem i frå (ibid., s.130). Kjær Nielsen (1999) ser "kristi lekam" som ein illustrasjon på einskap og tilhørysle. Dei enkelte lemene på kroppen er ingenting i seg sjølv, men er avhengig av tilknytinga til lekamen og av deira innbyrdes samhald og samspel. På same måte har kvart enkelt medlem av kyrkjelyden sin identitet og sitt liv i tilhørsela i kyrkjelyden, og som eit samspel mellom dei enkelte medlemmane av kyrkja (ibid., s. 159).

"Ingen er like" er det andre momentet Fagermoen (2008) tar fram. I Kristus er alle like viktige, og stilt på lik linje, men me er alle ulike. Skilnaden mellom oss menneske gjer at ein kan fungera så godt saman. Mangfaldet er ein føresetnad for at fellesskapet skal vera funksjonsdyktig. Paulus ville samanlikna dei ulike funksjonane dei ulike lemene har på kroppen med dei ulike funksjonane ein har i kyrkjelyden (Kjær Nielsen, 1999, s. 159).

Eit tredje moment Fagermoen (2008) trekker inn er at "alle er nødvendige". På Kristi lekam er alle lemmene like viktig (ibid., s. 130). Paulus skriv:

Auget kan ikkje seia til handa: "Eg treng deg ikkje", eller hovudet til føtene: "Eg har ikkje bruk for dykk". Tvert imot! Dei lemene på kroppen som synest vera veikast, kan vi ikkje vera utan. Og dei lemene på kroppen som vi tykkjer er verde mindre ære, dei viser vi heller større ære, og dei lemene som vi kjenner skam ved, kler vi endå meir sømeleg (1. Kor. 12, 21-23).

Det fjerde og siste momentet Fagermoen lyftar fram, er at "alt blir delt" blant lemene på Kristi kropp. Han ser på fellesskapet på Kristi lekam som eit omsorgsfellesskap, eit solidaritetsfellesskap. Det som rammar den eine, rammar også alle (Fagermoen, 2008, s. 131).

Nordstokke (1999) gjev også uttrykk for at ein lekam kan verta råka av sjukdom og ein kan bli ramma av skade. Når det skjer, vil heile kroppen lida, ikkje berre det lem som er råka. Som menneske veit ein at eit sår på fingeren kan verka, kan gje opne sår og kan sjå ekkel ut. Om ein må amputera fingeren, vil det vera med på påføra kroppen endå større lidning, og om såret etter amputasjonen gror, vil kroppsdel som er mista alltid bli sakna. Rørsla kroppen har, vil bli nedsett. Det er særskilt viktig at ein ikkje bagatelliserer eller ignorerer ein kropp med smerte. Dette er eit viktig prinsipp på Kristi lekam også. Når eit lem lider, vil alle ha del i same smarta (ibid., s. 44).

Fagermoen (2008) lista opp fire punkt til som er viktige haldningar for å skapa inkluderande fellesskap. Dette er punkt som Fagermoen sjølv meiner er viktig etter eiga erfaring og ut i frå det han tolkar som Paulus si skildring av Kristi lekam. Det er viktig å føya til at lista er langt i frå komplett.

Det fyrste han peikar på er å vera truverdige og ekte i høve til sanningar om at alle er like verdfulle, at alle stiller på lik linje. Vidare peikar han på at i fellesskapet må ein vera nyfiken på einannan for å få ein annan opp og fram, ha eit ope sinn for kvar enkelt, kven ein er, kva ein ynskjer å gjera, kva ein ynskjer å bidra med osv. I enkelte kristne samanhengar blir ofte nokre talent og nådegåver lettare synleg enn andre. Dette kan vera eit døme på kor viktig det er å øva seg opp i det å vera nyfiken på einannan i fellesskapet, sjå kvalitetane i folk og hjelpa einannan til å få fram det som Gud har lagt ned i kvar enkelt. Eit anna punkt Fagermoen trekkjer fram er "mot". Eit døme kan vera å innsjå at "dei lemene på kroppen som synest vera veikast, kan vi ikkje vera utan" (1. Kor. 12, 22) er som å vri om på vårt verdslege tankesett, noko som kan vera krevjande og som krevjar mot. Det siste punktet som er nemnt er "Solidaritet". I eit slikt fellesskap som Paulus skisserar, skal ein "lida når ett lem lider". Ein skal gå saman, stilla seg ved sida og gå med vedkomande i det som er vondt (Fagermoen, 2008, s. 132).

Det er fleire måtar å invitera inn til fellesskap, og byggja eit inkluderande fellesskap. Eit døme kan vera å gjera ulike aktivitetar saman, eller eta felles måltid saman, noko som Hasle framhevar (Hasle, 2008, s. 155). Han ser på middagsmåltid som ein særskilt viktig arena for det å kunna prata saman

Kampen for rettferd

Joh. 3,16 uttrykker Guds kjærleik for verda: "For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv". Menneske kan bli sett på som Guds gjenstand for kjærleik. Ved å senda Jesus til jorda, ønska Gud å fri menneske frå fortapinga, og lyfta dei ut or naud og uverdigheit (Nordstokke, 2002, s. 12). Å gå inn i aktivt engasjement og vera ein medvandrar saman med medmenneska, er eit viktig moment innan diakonien. Ikkje berre innan våre landegrenser, men også internasjonalt. På grunn av at menneska er avhengige av strukturane i samfunnet, er det viktig å klargjera blant anna kva som gjer at menneska lid naud og har det vondt (Kyrkjerådet, 2008, s. 10). Jordheim (2009) understrekar at kyrkja må visa solidaritet med dei som lider, og må vera med å tala høgt på vegne av dei som blir behandla urettferdig og uverdig. Ein må stå opp for menneske som får sitt menneskeverd krenka (ibid., s. 20).

Vern om skaparverket

"I opphavet skapte Gud himmelen og jorda" (1. Mos. 1,1). Skaparverket inneber alt det Gud har skapt, både plantar og dyr, menneske, hav, himmel osv. Å få oppleva glede over skaparverket, mangfaldet, dei store moglegheitene naturen gjev for både utfalding, rekreasjon og kvile, påpeikar Jordheim er ei gave til menneska (Jordheim, 2009, s. 18). Men alle har også eit ansvar for å verna om det som Gud har skapt og er ein del av Guds forvaltaroppgåve. Menneske er avhengig av alle sine relasjonar, både til Gud, til medmenneska og til heile skaparverket. For kyrkja er det viktig å styrkja forståinga av desse relasjonane (Kyrkjerådet, 2008, s. 10).

3.1.4 Den diakonale kyrkja i Apostelgjerningane

I og med at Apostelgjerningane opp igjennom kyrkja si historie vore av særleg stor betydning for forståinga av diakoni, vil eg kort gje eit innblikk i kva dei la vekt på. Eit av dei sterkeste trekka i urkyrkja var at medlemmane var prega av eit sterkt samhald. Dei delte alt mellom seg, også dei materielle godane, og det var ingen naudlidande blant dei (Apg. 2, 44-45 og 4,

32. 34-35). Tilsynelatande var ikkje fokuset det at den enkelte ikkje måtte eiga noko, men tyngda låg heller kring det at ingen måtte lida naud (Kjær Nielsen, 1999, s. 151).

Det er også blitt framheva at nattverd og kjærleiksmåltid, Jesu teneste overfor menneske og menneska sine teneste overfor menneska står uløyseleg saman (Apg. 2, 42 – 47). Det er også ein nær samanheng mellom kyrkje og diakoni (Apg. 4, 32 -37). Kyrkja er fellesskapet som blir fortsått som diakoniens subjekt. Det er kyrkja som er ansvarleg for at det blir praktisert diakoni. Det er også tydeleg at omsorga for dei naudlidande var stor. Apg. 5, 12-16 nemner særskilt omsorga for dei sjuke. I Apg. 2, 43 blir det fortalt om fleire under og teikn som skjedde ved apostlane. Apg. 6, 1-6 fortel om ein kyrkjelyd der det må øvast opp til omsorg for dei fattige, her i form av utdeling av mat. Det kjem også fram at omsorga var eit ansvar dei hadde i kyrkjelyden. Medlemmane av kyrkjelyden skulle peika ut eigna personar på vegne av kyrkjelyden som skulle stå for matutdelinga. Teksten gjev også ei oppfatning av at diakoni er vel så viktig som forkynninga i kyrkjelyden (ibid., s. 154).

3.2 Ungdomskultur

I drøftingsdelen (jf. **Feil! Fant ikke referansekilden.**) skal eg sjå på korleis kyrkja ved det diakonale arbeidet kan møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter.

Gjennomsnittsalderen på denne gruppa er 25 år, og er ein del av ein ungdomskultur som for mange er framand og ukjent. For at kyrkja skal koma dei i møte, og respondera på dei ulike endringane som skjer i samfunnet, vil det vera viktig å ta eit lite blikk på generelle kjenneteikn kring denne aldersgruppa og sjå på kva for trendar som utmerkar seg. Fyrst vil eg kort innleia med kva som meinast med uttrykket ”emerging adulthood” og kva som er typisk for denne aldersgruppa. Deretter vil eg kort forklara kva som meinast med ”trend” og gå meir inn på trendar innan ungdomskulturen. Her under vil eg sjå meir på trendane globalisering, kommunikasjonsteknologi, kunnskap og utdanning og utsetjing av giftarmål, samt aldersgruppa si einsemd og åndelege og eksistensielle behov. Då eg ser enkelte av konsekvensane av globalisering og reising som relevant i denne oppgåva, tar eg med enkelte moment som kastar lys over dette.

3.2.1 Emerging adulthood og generelle kjenneteikn

“Emerging adulthood”

Unge menneske i slutten av tenåra og fram til trettiårsalderen, blir som oftast kalla unge vaksne (Frønes & Brusdal, 2000). Liknande omgrep vil ein også finna på engelsk som “young adults”. Arnett (2004) meiner dette omgrepet ikkje er eit godt nok uttrykk på denne aldersgruppa, då uttrykket ikkje er presist. Han synest korkje denne perioden er ei forlenging av ungdomstida, som han sjølv kallar “extended adolescence”, eller er under kategorien “unge vaksne”, eller “young adults”. Aldersgruppa har større fridom frå foreldra sin kontroll, og mykje større sjølvstende kring utforsking enn då dei var i tenåra. På den andre sida vil mange oppleva at dei ikkje har kome til det stadiet der dei kan kalla seg vaksen. Går ein tilbake til 1970 – talet, ser ein at den typiske 21 åringen var gift eller skulle til å gifta seg, hadde omsut for eigne born, eller var i ferd med å få born, ferdig med eller i ferd med å fullføra utdanning, tilsett i fast jobb eller hadde rolla som heimeverande mor. Aldersgruppa på denne tida vart fort vaksne, og gjorde store, avgjerande val kring liva deira i ein relativ ung alder (Arnett, 2004). Dagens samfunn, det såkalla kunnskaps – og utdanningssamfunnet, ser derimot heilt annleis ut. Få i denne aldersgruppa har gått over i det som tradisjonelt blir knyta saman med vaksenlivet som til dømes å gifta seg og bli foreldre. Det dreiar seg om eit nytt og lite utforska

stadium i livet der me treng ein ny terminologi og en ny tenkjemåte. Arnett har difor valt å kalla denne aldersgruppa for “emerging adulthood” (Arnett, 2004, s. 4). Eg har prøvd å finna tilsvarande uttrykk på norsk som ”utviklande vaksne”, ”gradvis voksenliv”, ”voksenliv i kjømda”, og på bokmål kunne det til dømes ha vorte ”gradvis voksenliv” eller ”snart voksne”. Men eg opplever at det ikkje gjev god mening på norsk. Difor har eg valt å bruka termen slik Arnett brukar den på engelsk: ”Emerging adulthood” når eg omtalar denne aldersgruppa.

Generelle karakteristiske trekk

20 års alderen er ofte ein fase med mange endringar. Mange forlèt barndomsheimen i 18-19 års-alderen, og bryt opp i frå det vante skulesystemet og frå eit trygt nettverk. Framom dei kan det liggja både studie, arbeid, danning av heim og familie osv. Det vil også vera typisk å spørja seg sjølv kven ein eigentleg er, og kva ein ynskjer ut av livet. Dette fører til at ein modnast kring eigne verdiar og meininger. Åra mellom 18 og 30 er ei tid for danning av eigne verdiar, og samfunnet tillatar eit liv med dei fordelar ein har av å vera ung. Ein er ikkje under foreldra sin kommando eller rettleiing lengre, og moglegitene for ei individuell eksperimentering er til stades i stor grad. Utforskinga kring mange av moglegitene som ligg ope for dei i kjærleik og i arbeid, er stor. Fridomen ein har til utforsking er spanande, og denne tida er også for mange prega av store draumar og høge tankar. Men det er også ein periode prega av angst og usikkerheit då ”emerging adulthood” ikkje har slått seg til ro ein bestemt stad, og mange vil ikkje ha noko aning om kvar utforskinga vil bringa dei. Dei kan slita med usikkerheit sjølv om dei frydar seg over å vera meir fri enn det dei var i barndomen eller nokon gong vil vera i eit familieliv. Ein må vera førebudd på å erfara både spenning og usikkerheit, vidopne moglegheiter og forvirringar, nye fridomar og nye frykter (Arnett, 2004, s. 3). Gradvis minkar impulsiviteten, og ein går mot å gjera meir livsvarige val der ansvaret byrjar å ta form i større og større grad. Inga stadium i livet er så sjølvfokusert som det å nærma seg moden alder. Denne sjølvsentreringa er både normal, sunn og bør vera. Dette er korleis ei forståing blir nådd kring kven eg er og kva eg vil ha ut av dette livet. Det utrustar menneske for eit vakse liv. Ein møter stadig vekk nye utfordringar som byr på val av ulikt slag. Me lever i ei verd full av verdiar og med mange ulike val, men me har ingen autoritet som kan fortelja kva retning og mål ein skal velja (Mikkola, Niemelä, & Petterson, 2007, s. 13,14). Desse karakteristiske trekka for denne aldersgruppa, summerer Mikkola, Niemelä og Petterson (2007) i fem punkt:

- 1) Utforsking innan identitet
- 2) Ustabilitet

- 3) Sjølvfokusering
- 4) Kjensla av å vera i mellom
- 5) Moglegheiter

3.2.2 *Trendar i dagens samfunn*

Ordet ”trend” blir ofte tatt i bruk når ein skal finna fram til det som føregår i notid, det som vil vera sentralt i ei analyse av kva som pregar ”emerging adulthood” i dag. Sjølve ordet tyder tendensar eller utviklingstrekk, og har etterkvert blitt ein del av allmennvokabularet i eit samfunn opptatt av endringar. ”Trend” refererer til utviklingstrekk av eit visst omfang og som strekker seg over ei viss tid (Frønes & Brusdal, 2000, s. 13,16,17).

Globalisering

Den globale livsstilen blir meir og meir aktuell og populær blant ”emerging adulthood”. I større og større grad blir verda til eit meir verdsomspennande system som innehold både sosiale og kulturelle faktorar. Ulike menneske frå ulike kulturar blir ført tett saman. Peter Beyer (sitert i Nyland, 2007, s. 105) ser på dagens globaliserte røynd som ei verd meir lik ”one single place”. Sivilisasjonar og samfunn, folkeslag og kulturar som tidlegare var meir eller mindre isolert frå einannan, har i dag ein uunngåeleg kontakt. På enkle måtar kan ein flytta seg fysisk eller digitalt mellom mange stadar mest på same stund. Anten det er gjennom surfing på Internett, eller ein blar gjennom mangfaldige TV kanalar, eller ein er på landevegen, sjøvegen eller i luftvegen, er menneska på mange måtar blitt allstadnærverande.

Konsekvensar av globalisering

Ut i frå dette spirar den globale livsstilen. På mange måtar er ein slik livsstil både spanande og lærerik. Menneske kan ha ei haldning til at det må vera noko meir i livet enn det ein kan sjå og oppleva – noko ein ikkje veit kva er, noko som kan opplevast tilfredsstillande og liknar lukke. Dette er også noko av grunnen til at reiselivet blømer som aldri før, og ingenting tyder på at den globale livsstilen er ein livsstil som vil ta slutt. Heller tvert om, mest truleg har me berre sett ei byrjing – den er mest truleg komen for å bli (ibid., s. 117).

Likevel er det ein livsstil som dei fleste vil oppleva som krevjande. Når ein til dømes reiser til eit nytt land og kjem til ein annan kultur, vil oppbrot og utflytting vera ein del av reisa. Dette kan føra til at ein vil miste sitt sosiale nettverk som vanlegvis vil bestå av familie, lokalmiljø, arbeidsplass og organisasjonsliv. Denne lausrivinga kan skapa ei kjensle av tap, fråvær og tomheit, og i same stund vil det bli skapt ei lengt etter relasjon og nærliek. På den

nye bustaden vil det oftest skje fleire ting samtidig. Mellom anna skal ein gjennom ein tilpassingsprosess, som vil innebera både fysiske, sosiale kulturelle og religiøse element (ibid., s. 100).

Det ein reiser i frå, altså det som er fråverande når ein er ute og reiser, blir ofte meir synleg og meir verdfullt. Enkelte grunnleggjande verdiar oppdagar ein gjerne tydinga av fyrst når dei blir trua. Dei reisande vil då ofte ha eit behov for å finna menneske i same situasjon som ein sjølv, ein medvandrar ein kan drøfta tankar og kjensler med.

Mange kan også oppleva ei utilfredsheit som pregar reisa. I seg sjølv kan reisa vera eit uttrykk for menneska si urolegheit, og samstundes eit forsøk på å overvinna uroa. Ofte kan reisa også vera eit forsøk på å koma seg vekk i frå seg sjølv, men på ei anna side eit forsøk på å finna seg sjølv. Avstand kan vera med på å få oversikt (ibid., s. 118). Den gjere noko med oss. Når ein får avstand til ting, ser ein dei i eit anna lys, og nye moglegheiter kan bli opna opp (Mosdøl, 2008, s. 21). Ei reise kan ofte føra til at ein blir meir anonym. Menneske kan få ei oppleveling av å bli meir fri når alt det kjente rundt ikkje lenger er til stades. Når familie og vene ikkje lenger er i nærleiken, kan ein på mange måtar visa kven ein eigentleg er, eller ynskjer å vera. Roof (sitert i Nyland, 2007, s. 119) skildrar ei reise som ei søker, ei febrilske leiting på ein åndelig marknadslass. Ofte kan ein få ei oppleveling av at det ein søker i ei reise ikkje blir som forventa. Det er i denne situasjon Grace Davie (sitert i Nyland, 2007, s. 119) påstår at dette er eit symbolsk rom som berre religion kan fylla. Å flytta kan difor alltid vera eit potensiale for nye tankar kring livssyn, tru og tvil (Nyland, 2007, s. 120).

Kommunikasjonsteknologi

“Barn født på 1980- og 1990-tallet er blitt kalt Nettgenerasjonen, eller den digitale generasjonens barn” (Torgersen, 2004). Dette er det ikkje tvil om. Fleire som har gjort undersøkingar og forskingsarbeid kring denne generasjonen, kjem fram til same konklusjon, det er ein tydeleg digital generasjon som har gjort seg gjeldande. I Norheim (2008) si undersøking, er også kommunikasjonsrevolusjonen, med internett og mobilbruk i spissen, trekt fram som nr. 1 i høve til særtrekk kring den nye generasjonen som veks fram. I løpet av dei siste få åra, har det vore ei svært radikal omvelting i måten ein kommuniserer på. ”*I love my computer, because my friends live in it*”. Dette sitatet på ei Facebookside seier mykje korleis denne trenden har utvikla seg. I større grad enn før, byggjer og lever unge menneske relasjonar i fleire og meir samansette nettverk enn tidlegare. På ei anna side skal ein ikkje sjå vekk i frå at dei grunnleggjande behova i bunn og grunn ikkje er så ulikt i høve til det som har

vore tidlegare. Ein kan sjå på eksplosjonen kring mobil- og internettbruk som eit spegelbilete av det relasjonsspelet ein elles er ein del av (Norheim, 2008, s. 62).

Kunnskap og utdanning

Det postindustrielle samfunnet blir ofte kalla *kunnskapssamfunnet*. Den klassiske industriarbeidaren blir erstatta av elektronisk baserte operasjonar. Den grunnleggjande sosiale erfaringa unge kvinner (kvinner opp mot 30 års alderen) har i dagens samfunn, er prega av universitet, veninner, reiser og ei singel eller sambuande tilvære utan born (Frønes & Brusdal, 2000, s. 29). Utdanninga varer som regel fleire år lengre enn det den gjorde på '70 talet. Mange går igjennom høgskule- og universitetsutdanninger som vanlegvis tar 3-4 år om ikkje lengre. Då unge vaksne ser etter jobb som både er godt betalte og som vil vera tilfredsstillande, byter ein jobb relativt ofte (Arnett, 2004)

Utsetjing av giftarmål

Wuthnow (2007) ser at “emerging adulthood” ventar fire eller fem år lengre enn førre generasjonen før dei giftar seg. Konsekvensane av dette er at det har skjedd ei endring innan forventingspress når det gjeld det å finna ektefelle eller partner på eit tideleg tidspunkt som vidaregåande og høgskule. Dette fører igjen til meir tid til dømes til både reising, etablera seg sjølv innan ein karriere og møta nye venar. Det betyr at det blir fleire og fleire sosiale settingar der single i denne aldersgruppa møtast. Foreldre kan oftare enn før uroa seg over at borna deira kring 30 ikkje er gift.

Born – færre og seinare

Når det gjeld å føda og oppdra born, viser det seg at færre “emerging adulthood” fokuserer på ansvaret kring det å bli foreldre og vidareføring av dei verdiar dei vil borna skal læra. Fleire unge kvinner møter fleire og ulike utfordringar enn generasjonen før. Fleire er i ein arbeidssituasjon, og har høgare utdanninger. Mange har val mellom det å bli foreldre og det å jaga etter ei karriere (Wuthnow, 2007, s. 24). Eit eventuelt karriereløp kan også være ein viktig grunn for seine barnefødslar (Frønes & Brusdal, 2000). Utsetjing av det bli å foreldre har også ei økonomisk side. Utdanning, låge startlønningar, to yrkesaktive og utgifter til barnehage og elles andre utgifter ein får i ein familie kan bli økonomisk tungt for mange. Det vil difor vera klokt å utsetja familiefasen slik Frønes og Brusdal (2000, s. 51) ser det. I undersøkinga som er gjort blant finnar, kom det fram at “emerging adulthood” utset å få born grunna ynskje om å gjera ferdig eiga utdanning eller mannen si utdanning fyrst. Usikkerheita

kring den økonomiske situasjonen og fråværet av å ha lyst på born er også vanlege grunnar for utsetjing av å få born. Det kom også fram at “emerging adulthood” mest truleg ville bli eit kompromiss med deira sjølvstende og det vart også lagt vekt på trøngen til sjølvrealisering. Ein annan grunn var at dei meinte det ville bli vanskeleg å foreina kvardagens krav med å ha born (Mikkola, Niemelä, & Petterson, 2007, s. 18).

3.2.3 *Einsemd*

Einsemd har vore eit vanleg tema i litteratur, poesi og musikktekstar over heile verda og i alle kulturar og omrent til alle tider. For dei aller fleste vil dette vera ei opplevd kjensle, både for born, unge, vaksne og gamle. Likevel vil det vera ei utfordring å definera, måla, og å snakka ope om til andre når det gjeld einsemd. Den er ikkje synleg på ein direkte måte, men blir uttrykt i samfunnet på mange ulike måtar. I daglegtalen blir einsemd ofte knyta saman med ei kjensle som oppstår som fylge av ein meir tvungen isolasjon. Kjensla er ofte knyta opp mot ei lengt etter mellommenneskeleg intimitet og nærliek, slik ein kan oppleva i kontakt med foreldre, vener, ektefelle osv. I nyare tid er det blitt undersøkt meir kring kva som kan skje om behovet for intimitet i ulike livsfasar ikkje blir oppfylt. I fleire forskingsprosjekt er det vist at fleire negative konsekvensar kan oppstå om ein til dømes er mykje einsam. Einsemd heng også sterkt saman med folk sine opplevelingar av å vera tilfreds eller kjensla av å vera lukkeleg. Difor er det ikkje merkeleg at einsemd blir oppfatta som noko negativt, noko som må fortrengjast eller kjempast i mot. Halvorsen understreker at nokon er einslege eller heilt åleine, men ikkje einsame. Andre kan leva saman med andre eller ofte omgås av andre menneske, men likevel kjenna seg einsame (Halvorsen, 2005, s. 15).

3.2.4 *Livssyn og verdiar*

Professor Arnett (2004) meiner alle menneske i alle kulturar har eksistensielle spørsmål som sentrar seg kring kva som eigentleg betyr noko og kva liva våre betyr i lys av moralen me har. Han ser mellom anna på det å utvikla ein ideologi, eit verdsbilete, som ein måte å skapa mening i verda. Eit verdsbilete vil alltid innebera religiøs tru, som til dømes opphavet til verda og livet, sjelas eksistens, overnaturlege vesens eksistens, og kva vil skje etter døden? Han påpeikar at i og med at spørsmål kring religion og andre eksistensielle spørsmål er ein nedarva del av det å vera menneske, vil det å finna svar alltid vera ein del av å utvikla ein eigen identitet. Det vil dermed ikkje seia at alle er truande eller religiøse, men betyr derimot at ein alltid vil ha religiøse spørsmål som ein del av våre liv. Utforming av religiøs tru synast å vera ein allmenn del av identitetsutviklinga for “emerging adulthood” (Arnett, 2004, s. 165).

Eit anna vesentleg punkt når det gjeld verdsbilete, er verdiar. Det vil seia dei moralske prinsippa som gjer at ein tar dei vala ein gjere som ein møter på i kvardagslivet. Tru og verdiar har ofte ein samanheng då religiøs tru ofte inkluderer visse moralske prinsipp som er meint til å visa veg gjennom livet. Dette kan til dømes vera dei ti bod som er ein del av den jødiske og kristne trua, men det treng ikkje ha noko med religion å gjera. “Emerging adulthood” er ein avgjerande fase for utvikling av eit verdsbilete, på lik linje med andre aspekt når det gjeld utvikling av identitet. Prosessen startar i barndomen og vert intensivert i ungdomsåra i det ein utviklar kapasiteten kring abstrakte resonnement som kan bli knyta til verdsbilete. Dette kan altså vera spørsmål kring Gud, død, rett og gale. Men for dei aller fleste er ikkje denne prosessen ferdig når dei forlèt tenåra. I løpet av perioden som “emerging adulthood” blir det stilt spørsmål kring verdsbilete mest direkte, og det er også når folk flest får ei byrjande avgjerd når det gjeld spørsmål kring verdsbilete. Som når det gjeld spørsmål om kjærleik og arbeid, er danning av verdsbilete meir intensivt og seriøst i denne aldersgruppa. I slutten av tenåra er det få som har utvikla eit velutvikla verdsbilete, men få forlèt 20 åra utan eit verdsbilete (ibid., s. 166).

“Emerging adulthood” omfattar ateistar, religiøst konservative og alle mellom desse to ytterpunkt. Mange av dei har utvikla deira eiga individuelle tru ved å kombinera ulike religiøse tradisjonar og attpå til ein god porsjon populær kultur. Dersom ein skal prøva å finna eit samlande punkt i dette mangfaldet, må det vera deira sterke, medvitande haldning kring deira eigne val om kva dei skal tru og ikkje tru. Sjølv om sentreringa kring seg sjølv og fokus på sjølvstendig tenking er typiske trekk ved unge vaksne, er ikkje det det same som at dei er sjølvopptatt, framandgjort frå samfunnet eller har eit ynske om å leva eit liv uavhengig av andre (ibid., s. 186, 187).

3.3 Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet

Gjennom mange år har Sjømannskyrkja, Norske kyrkje i utlandet, opparbeida seg ulike erfaringar og røynsler når det gjeld møte med reisande menneske. Ei profilundersøking, gjort av “Respons Analyse” i 2010, viste at 97% av den norske befolkning kjenner til Sjømannskyrkja, og 65% meiner Sjømannskyrkja tar i vare nordmenn sine behov for tryggleik på reiser i utlandet (Sjømannskirken). Eg opplever det som relevant og nyttig å lyfta fram nokre av tankane og erfaringane organisasjonen har gjort seg opp gjennom tidene, og trekkja dei inn i heimlege kontekstar i Noreg. Dette er nokon av grunnane til at eg ynskjer å fletta inn Sjømannskyrkja i teorien. Eg vil også ta med litt anna litteratur som kan vera med å underbyggja det Sjømannskyrkja tenkjer og står for. For å danna eit betre bilet av organisasjonen, skal eg kort innleia med generell informasjon og fakta om organisasjonen. Her vil eg også sjå på verdiane, visjonane og formåla i Sjømannskyrkja. Dette for å få eit betre innblikk og ei betre forståing i organisasjonen og i det arbeidet dei gjere. Deretter vil eg trekkja fram utfordringar kyrkja generelt kan står overfor. Vidare skal eg sjå på nokre moment som Sjømannskyrkja har lukkast med som eg meiner er viktig å trekkja med inn i drøftingsdelen.

3.3.1 *Om Sjømannskyrkja*

Sjømannskyrkja er ein frivillig, sjølvstendig organisasjon med eit oppdrag på vegne av Dnk og Den norske stat om å vera kyrkje for nordmenn i utlandet. Arbeidet i Sjømannskyrkja er basert på Bibelen og Dnk sine vedkjenningskrifter. På alle kontinent har dei kompetanse kring kriseberedskap og familierådgjeving (Sjømannskirken). I løpet av eit år har organisasjonen kontakt med kring 900 000 menneske over heile verda.

31. august 1864 vart Sjømannskyrkja stifta under namnet “Foreningen til Evangeliets Forkyndelse for Skandinaviske Sømend i fremmende Havne”. Her er det tydeleg at forkynninga av evangeliet var det sentrale i verksemda (Nyland, 2007, s. 51). Heilt frå grunnlegginga av Sjømannskyrkja er det blitt lagt vekt på skipsbesøk, husbesøk og sjukebesøk. “Leseværelser” vart etablert i tilknyting til kyrkjerommet. Der vart det arrangert sosiale stunder, og sjøfolka kunne lesa bøker (av og til avisar) og skriva heim. Under 2. verdskrig vart sjømannskyrkjene heidra for deira mot, uthald og omsorg for involverte nordmenn. På 1970 – talet oppmoda Noregs biskopar Sjømannsmisjonen om å utvida tenesta til også å omfatta nordmenn generelt som opphaldt seg i utlandet for ein kortare eller lengre periode. Frå 1990 utvida organisasjonen seg til også å romma namnet “Norsk kirke i

utlandet". I 1982 vart Nordsjøpresttenesta etablert, og i 1979 starta organisasjonen ei satsing på populære feriestadar i Sør-Europa. Sjømannsmisjonen overtok ansvaret for studentprestetenesta i 1980. Fleire viktige satsingsområde som er kome til i seinare tid, er trailersjåførar, au pairar, næringslivsfamiliar, pensjonistar som flyttar til sol og varme. "Sjømannsmisjonen/Norsk kirke i utlandet" byta namn i 2003 til "Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet" (Sjømannskirken).

Verdiane til Sjømannskyrkja

Sjømannskyrkja:

- trur at alle menneske er skapt med ein uendeleg verdi og ein unik verdigheit i Guds bilete
- trur behovet for å høyra til ein stad er viktig i ei tid der globalisering er aukande.
- trur nordmenn som bur i utlandet for ein kortare og lengre periode, kjenner på behovet for tryggleik
- erfarer at ikkje alle menneske har anledning til å koma til kyrkja sjølv om dei gjerna kunne ynskja det
- trur landsmenn i utlandet vil kjenna ei gleda av å "koma heimom".
- trur dei har mykje å læra av andre kulturar og menneske som omgjev dei der dei arbeidar på ulike stader i verda

Difor ynskjer dei å:

- møta menneske med ei visse om at den enkelte er alltid mykje meir enn det ein ser
- lytta til livserfaringane kvar enkelt sit med og tilby eit fellesskap som gjev ei oppleving av å høyra til både med Gud og menneske
- vera ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for alle nordmenn i utlandet
- vera ein stad der lengsel og håp får næring
- vera ein ressurs i krise – og beredskapsteneste, nettverksbygging og relasjonsrådgjeving
- gje menneske hjelp til å leva og mot til å tru
- vera ei oppsøkjande, tenande og medvandrande kyrkje for alle nordmenn i utlandet
- vera ei kyrkje der menneske lever sine liv i kvardagen
- bli kjenneteikna av det gode handtrykk og romsleg gjestevenskap
- bruka kulturformidling og dialog til å byggja bru mellom nordmenn i utlandet og omgjevnadane rundt

(Sjømannskirkens verdidokument)

Formål og visjon i Sjømannskyrkja

Mottoet for Sjømannskyrkja er “Kyrkje i verdens hverdag”. Som eit grunnlag for Sjømannskyrkja sitt arbeid, ynskjer organisasjonen å leggja ned ei heilskapleg tenking kring menneske. Mellom anna er det nedfelt i Sjømannskyrkja sine grunnreglar at organisasjonen skal forkynna Guds ord, forvalta sakramenta, gje trusopplæring og praktisera nestekjærleik (Nyland, 2007, s. 56). Visjonen for Sjømannskyrkja er å gje menneske mot til tru, håp og engasjement. Hovudmålet er å fremja Guds rike ved å vera ei tenande kyrkje i verdens kvar dag. Sjømannskyrkja ynskjer å vera ei kyrkje som tar utgangspunkt i liva til menneska og deira erfaringar, og i lys av evangeliet om Jesus Kristus vera med å hjelpe dei til å forstå deira liv. I kvar dag og fest ynskjer dei å gje rom menneskelives mangfald. Vidare har Sjømannskyrkja eit ynskje om å skapa gode møte med menneska, og vera eigne kyrkjehus kvar ein ferdast.

3.3.2 Utfordringar kyrkja står ovanfor

Savage, Collins-Mayo & Mayo (2007, s. 169) minner oss på at me lever i ein ”instant culture” som ikkje blir nådd med ”instant missionary tactics”. Å vera tolsam både i kjærleik og når det gjeld å så inn i folks liv, vil vera utfordringar som gjeld for kyrkja i dag.

Men kvifor har nordmenn generelt ein større terskel for å gå i ein tradisjonell kyrkjelyd i Noreg enn å besøkja ei Sjømannskyrkje i utlandet? Det kan vera mange grunnar til dette. Menneske kan til dømes sitja med ”väldigt felaktiga uppfattningar om vad kyrkan gör” og at dei utgjere ”en generation med färdomar mot kyrkan men med få erfarenheter, vilkelt kan utföra en möjlighet att även överraska positivt” (Engel, 2002, s. 28). Andre kan oppleva at fleire folkekirkjer har eit tilbod som stort sett er retta mot den eldre generasjon, noko som ofte ikkje kommuniserer med den yngre generasjon (ibid.). Hauerwas (sitert i Norheim, 2008, s. 71) påpeikar at tradisjonelle kyrkjelydar ikkje lenger har sin faste eller gjevne plass i samfunnet, og utfordrar difor kyrkja til å reflektera kritisk over kva som er særskilt for kyrkja og kva kall ho har i ei verd i endring. Ei slik utfordring er med på å tvinga kyrkja til refleksjon over kva liv kyrkja inviterer menneske til å leva (Norheim, 2008).

Ein av grunnane til at tidlegare generalsekretær i Sjømannskyrkja, Nyland, starta i Sjømannskyrkja, var nettopp eit ynskje om å byggja bruer mellom ”dei innanfor” og ”dei utanfor”. Han opplevde at somme kristne kunne representera ein meir annleis og aktiv måte å leva ut trua på, og kjensla av mindreverd hjå andre menneske kunne oppstå. Dei som beherska det religiøse språket, fekk på mange måtar eigarskap til kyrkja, medan andre kunne få ei kjensla av å bli utanforståande. Mange kunne kjenna på opplevelinga av ein vanskeleg og

krevjande kristendom. Fleire hadde ikkje eit ynskje om å ta avstand frå innhaldet i bodskapen til kyrkja, men likevel var det noko med sjølve innpakkinga som gjorde at fleire ikkje opna den. Pakken vart for stor (Nyland, 2007). Laugerud (1999) undrast på om kyrkja har sendt ut så mange negative signal at folk har definert seg utanfor? Vil folk av den grunn oppleva at dei ikkje kan søkja til kyrkja og den kristne trua for å finna svar på sine åndelige lengslar? Korleis kan ein skapa ei kyrkje som gjev rom for dei ulike andleta trua kan ha, og samstundes vera som eit veksthus mot ein nærrare relasjon til Gud? (Laugerud, 1999, s. 32).

Men kven kan ein kalla “innanfor” og kven er “dei utanfor”? Sjølv om ingen har autoritet til å døma, vil Nyland likevel nemna nokre viktige faktorar. Jesus fant menneske som Sakkeus (Luk. 19) ute i periferien med dei djupaste uttrykk for tru og tillit. Dette er også høgt aktuelt i dagens samfunn. Men på ei anna side må nokon “...bære troens kollektive minne” (sitert i Nyland, 2007, s. 42). Dersom Sakkeus, hans søsken og dei me saknar skal finna plass ved bordet, må det også finnast ein stad til dei. For enkelte vil det seia å ta eit steg til side og sleppa andre fram. Nyland peikar på at det handlar om involvering og samspel som viktige føresetnader for inkludering i kyrkja.

3.3.3 Sjømannskyrkja – god rollemodell

Erfaringar frå Sjømannskyrkja tilseier at det vil vera vanskeleg å laga sjømannskyrkjer i Noreg då dette ikkje har same effekt som det å vera i utlandet, men det er blitt uttalt at ei sjømannskyrkje for til dømes polakkar, kunne vore mogleg då dei er i same situasjon som nordmenn i utlandet (Mosdøl, 2008, s. 94). Uansett vil ein ”Kom-til-oss-mentaliteten” mest truleg aldri vera med å byggja bru mellom kyrkja og verda. Tvert om vil heller ein ”gå-ut-mentalitet” vera sentral (Savage, Collins-Mayo, & Mayo, 2007, s. 169). Dette er mellom anna noko Sjømannskyrkja er fokusert på. Overraskande mange har tilsynelatande eit godt høve til Sjømannskyrkja, og organisasjonen vil vera ein god rollemodell på mange måtar for andre kyrkjelydar. Ein kan få ei oppfatning av at folk forventar noko positivt av kyrkja og at dei har ei grunnleggjande velvilje til kyrkja. Sjølv om mykje er bra i organisasjonen, er likevel ikkje alt perfekt og eineståande. Men trass utfordringar, stress og kampar, er det likevel noko med denne kyrkja som samlar, gjev tryggleik og lyst til å koma tilbake. Mange er også innstilt på å stilla opp for kyrkja når det måtte trengast (Mosdøl, 2008, s. 8).

Ein viktig faktor Sjømannskyrkja trekker fram, er å bli kjent med lokalmiljøet, læra språk og kodar – og forholda seg til dette. Sjømannskyrkja meiner å møta folk der dei er, stilla seg til rådigheit der dei held til, og ikkje venta på at dei skal koma der ein skulle ynskja dei var. Dette kan mellom anna bli realisert ved å gå ut av si eiga tryggleikssone og vera kyrkje på

arbeidsplassen, studiestaden, på sjukehuset, i fengselet eller under ferieopphaldet. Prestetenesta i Nordsjøen er eit døme på ei slik besöksteneste der dei er “kyrkje på arbeidsstaden” (Mosdøl, 2008, s. 95, 98). Dette er noko Engel (2002) også er oppteken av. Ho ser på det som viktig at kyrkja trekkjer seg ut på gater og torg og blir meir synlege og nærværande i samfunnet der folket er, integrerer seg med samfunnets ulike arrangement og innsatsar og ikkje burar seg inne på ulike kontor. Tilgjengelegheta i samband med kriser, død og sorg er også viktige poeng Engel (2002) lyftar fram (Engel, 2002, s. 29, 33)

Diakoni som satsingsområde

Ein journalist i Noreg sa det ein gong slik om ei tradisjonell kyrkje i Noreg:

Kirken har som likningskontoret stengt når vi andre har fri. Med unntak av søndagen selvfølgelig, men da slipper vi bare inn så lenge det står en prest der fremme og fyller rommet med tale. Som oftest en fin og god tale, jeg vil ikke kritisere. Mitt ønske bør oppfattes positivt, for jeg ønsker mer. Jeg er et moderne menneske, og moderne mennesker etterspør det de mangler. For eksempel stillhet.

(Sitert i Laugerud, 1999, s. 49)

Sjømannskyrkja ynskjer å la seg inspirera av korleis Meisteren sjølv arbeida og tente menneska i deira konkrete kvardag. Han nærma seg menneska med å spørja kva Han kunne gjera for dei. Anten det gjaldt sjukdom, bekymringar eller plager, gjekk Jesus inn i den aktuelle situasjon. Svoltne gav han mat og kvile til den trøytte. Organisasjonen er oppteken av at Faderen skal bli kjent att både gjennom ord og gjerningar. Gud sjølv forlot himmelen, tok på seg ein tenars skapning og kom oss heilt nær. Rausheita og nåden han uttrykte gjennom hjelpsamheit og gjestfridom har verden aldri kunne gløyma. Sjømannskyrkja ser det som viktig å møta vår tids menneske på ein slik måte at Faderen blir synleg. Standaren dei ynskjer å lyfta fram, er frå Luk. 6, 36: “Ver miskunnsame, som Far dykker er miskunnsam” (Nyland, 2007, s. 65).

Dette er noko alle kyrkjelydar burde leva etter. Skal ein møta den yngre generasjon der dei er, må ein vinkla seg inn mot å imøtekoma deira behov i deira livssituasjon, veta at dei gjer andre vurderingar og har ein ny religiøsitet som gjev seg til uttrykk på andre måtar enn dei tradisjonelle (Engel, 2002, s. 25). Utviklinga går meir og meir mot å sokja dei tilboda dei ynskjer (ibid.). Ein viktig faktor her vil vera å tenkja kreativt om høve mellom behov og interne ressursar. Erfaringane frå livet i Sjømannskyrkja viser at praktiske handlingar ofte talar sterkare enn ord. Om ein satsar på nokre få, konkrete ting, kan kyrkjelyden bety ein skilnad i lokal miljøet. Det heile sentrerer seg kring å tenkja kreativt til korleis kyrkjelyden kan bidra i lokalmiljøet (Mosdøl, 2008, s. 97).

I møte med menneske ynskjer Sjømannskyrkja at to høve skal stå i sentrum. Det eine er menneskes uttalte behov og kva menneske sjølv opplever som verdfult. Det andre er det som kyrkja, ut ifrå sitt trusgrunnlag trur er verdfult for menneske, sjølv om dette kan vera behov som ikkje er uttalt frå menneska si side.

Gjestfridom

Sjømannskyrkja har erfart atmosfære og dei tilsette sin veremåte spelar ei viktig rolle med tanke på truverd og identifikasjonsmoglegheit, dermed gode vekstvilkår. Gjennom gjestevenelege medarbeidarar som maktar å reflektera både noko av Jesu inkluderande sinnelag og hans bodskap blir visjonane til Sjømannskyrkja realisert (Nyland, 2007). Forkynninga dei ynskjer å formidla skal bestå av ord, men på same tid noko meir enn ord. Sjømannskyrkja ser at kyrkjene må ha fleire bord enn alterbordet (*ibid.*). Ein typisk institusjonsmentalitet er at besökande blir tatt imot under mottakingstid eller på avtalte tider. Enkelte meiner at ein kyrkjelyd skal vera eit ope og kravlaust miljø tilgjengeleg for alle, eller ein tilfluktsstad og ein beskytta stad for dei som fell utanfor sikkerheitsnettet i samfunnet. Nokre kyrkjelydar har opna kafear for å auka openheita, men ofte utan å skapa nye kontaktar utanom dei som allereie er i kyrkjelyden. Dersom ein skal få til ein kyrkjelyd som er open for alle og der folk kan få kjensla av å vera heima, vil det også koma praktiske utfordringar som eit lokale som er ope, både i form av utforminga og at ytterdøra er ulåst (Engel, 2002, s. 29). Jesu arbeidsmåte blir mellom anna uttrykt i Luk. 15, 1f der Han tok imot syndarar og åt saman med dei. Nyland (2007) omtalar venskap som ein type relasjon der ein kjenner seg roleg og trygg i andre sin nærliek. Venskap blir som ein inspirasjon til å visa den ærlegaste sida av seg sjølv.

Vidare blir gjestevenskap skildra som å ha eit ope hjarta og ei ope haldning i møte med andre menneske (*ibid.*, s.66). Mange kan ha ei kristen tru som kan vera prega av det å vera usikker, famlande, blyg og tilbakehaldande. Laugerud (1999) utfordrar kyrkja å ikkje trampa ned denne trua, men heller gje den verdi og vekstvilkår. Det er ikkje det same som at ein aksepterer alt som kvar enkelt måtte meina og tru, men å akseptera menneska (Laugerud, 1999). For mange kan praten rundt kaffibordet eller biljardbordet vera avgjerande for om ein i det heile skal ha frimod til å gå inn i det heilage og fram til nattverdsbordet (Nyland, 2007). Gjennom lange tider har gjestevenskapshandlingar vist seg å vera avgjerande for å etablera og styrkja fellesskap.

”På något sätt blir varje möte med en enskild människa än viktigare i en tid som vår där individualismen är förharäskande och inga mallar längre gäller” (siterat i Engel, 2002, s. 31).

Direktekontakten med menneske kan føra til genuine møte der samtalens kan ha spora inn på det meir djupe plan kring livet. Dialogen mellom menneska er ei utfordring mange kyrkjer blir stilt ovanfor. Det er blitt uttalt at ”Trenden för dagen är det personliga mötet” og ”Det genuina mötet kan vara ett sätt att mötas utan avsikt att göra någon till kristen, men det kan även vara ett sätt att skapa en ”väckelse” för vanliga vuxna” (Engel, 2002, s. 32). Rektor ved MF, Vidar L. Haanes, lyftar fram at kyrkjevekst i urkyrkja dreia seg i hovudsak om møte mellom enkeltmenneske meir enn store offentlege vekkingsmøte. Haanes synest mange kristne har oppført seg som herrar i staden for tenarar, og har latt kyrkja stå fram som ein interesseforeining for den vellukka middelklasse. Det er då viktig at diakonien i kyrkjelyden blir lyfta fram som eit fundament for at kyrkja skal vera truverdig i si teneste for Gud og menneske (Lys og liv, 2010, s. 2).

Slike møte gjev seg til uttrykk i eit ynskje om å koma folk i møte og bruke tid saman med dei. Det kan til dømes vera å visa interesse, hugsa namn, lytta til ei historie.

Sjømannskyrkja har erfart på fleire måtar kva som inkluderer i kyrkja. Mellom anna å fanga signal og hint og lar folk sleppa til å fortelja livshistorie når det rette augeblinken er der. Spørsmål vidare til undring og refleksjon kan til dømes vera: Vil forkynninga om det evige liv få mening for eit menneske før det møter eit kristent fellesskap der det blir gjeve eit glimt av at det øydelagde menneske kan reisa seg att? Kan menneska få ei oppleveling av det gode med å møta Gud andlet til andlet før dei sjølv har hatt ei oppleveling kring å møta andre menneske i full tillit, andlet til andlet? Vil menneska ha ei forståing for at alle er inviterte til fellesskap med Gud før det kristne fellesskapet har plass til alle slags menneske (Laugerud, 1999, s. 40).

Gjestevenskap er eit uttrykk for den kristne sitt liv i verda. Å visa ærleg kjærleik, gråta med dei som græt, gleda seg med dei glade og leggja vinn på gjestfridom, er til behag for Gud og hører med til å tena Han. I same stund blir gjestevenelege handlingar peikt ut over seg sjølv. Til alle tider har gjestevenskapslege handlingar vore med på å etablera og styrka menneskelege fellesskap. Mellom anna kan ein finna aksept og tilhørsle som sjølve essensen i gjestevenskapet. Målet for Sjømannskyrkje er å gje mot til tru, håp og engasjement. Dette er ein svært viktig grunn for at Sjømannskyrkja dekkjer bord, tenner lys og inviterer folk til vaflar og kaffi. Men Nyland (2007) peiker på at ein skal visa klokskap når ein inviterer folk inn til fellesskap. Nokre gongar treng ein til dømes å bla litt i avisene, sjå seg litt i kring i huset, lukte, kjenna og ta på ting. Sjølv om ein skal setja opp visse rammer, vil det vera viktig å lytta til gjesten, og hans behov. Ei felle kan vera å bli for over-ivrig når det gjeld å visa

gjestfridom. Behova gjesten treng å få innfridd, vil mest truleg ikkje vera dei same som verten treng å få tilfredsstilt.

Utvikla tanken om Kristi lekam

Organisasjonen er også prega av det frivillige arbeidet. Dette kan mellom anna skje ved å utfordra dei til oppgåver og gje anledning til å vera til nytte og til hjelp. Dugnadene kan mellom anna bli brukt som ein del av kyrkja sin inkluderande gjestfridom og kan vera med å uttrykkja at dei er av verdi. Hos mange blir det skapt verdigheit og nytt frimod (Nyland, 2007, s. 44).

Når folk deltar frivillig i kyrkjelyden, kan dette også vera med å bidra til ei eigarkjensle.

Erfaringar er med på å visa at eit av kyrkja sine viktigaste oppgåver er å gjenoppdaga lekfolket (Mosdøl, 2008, s. 100). Dette er noko av inkluderingsstrategiane i Sjømannskyrkja. Det handlar om å sjå menneske, bli kjent med dei. Det vil også vera viktig å verdsetja kvar enkelt sjølv om dei ikkje er med å bidra praktisk.

Nye impulsar

Mange kyrkjelydar har gode og flotte visjonar. Men om ein ikkje har eit eigarskap til dei, kan dette gå utover både engasjement og energi i kyrkjelyden. Det er viktig å dela den grunnleggjande visjon, og ha ei felles forståing kva som er kyrkjelydens kjerneoppgåver. Det vil også vera viktig i ein kyrkjelyd å vera opne for impulsar utanfrå. Om kyrkjelyden avgrensar fornyingar utanfrå, kan ein fort enda opp i stive, etablerte former og kan mista viktige kontaktflater. Ein avgjerande faktor kring dette kan mellom anna vera å sjå på kyrkjeframande som ein Diskusjonar kring etiske spørsmål og organisering kan vera eit tidssluk. Det er ikkje det same som at dette ikkje er viktig, men det vil vera viktig å vera observant på det ressurs (Mosdøl, 2008, s. 96, 97, 99). Mange gonger blir medarbeidarane i kyrkjene meir opptatt av dei tradisjonelle formene og blir meir fokusert på å gjera saker og ting for menneske i staden for å verkeleg møta personane” (Engel, 2002, s. 32). Ein kan til dømes setja av litt tid i kyrkjelyden og finna ut om det går an å ha ein lettare struktur i høve til komitear og underkomitear (Mosdøl, 2008, s. 99).

4. Presentasjon av undersøkinga

4.1 Introduksjon

Gjennomføringa mi av undersøkinga har skjedd på fleire måtar. I hovudsak har undersøkinga dreia seg kring spørjeskjema, og i tillegg har eg gjennom samtalar, erfaringar og observasjonar fått eit breiare grunnlag for informasjonen som er kome inn i høve til kva behov sesongarbeidarane har i Hemsedal. Mange av sesongarbeidarane i Hemsedal er både serviceinnstilte og koselege. Utfordringa har vore å koma ”inn under huda” på dei, vinna tillit og få til gode samtalar. Stundom fekk eg lange, spørjande blikk etter meg om kven eg var og kva eg eigentleg var ute etter.

I byrjinga skreiv eg e-post til mange av dei ulike hotella i Hemsedal, og fortalte at eg var her om det var noko eg kunne gjera for dei i høve til sesongarbeidarane. Dei responderte med å takka for at eg tok kontakt, men dei trudde ikkje det var noko særskilt eg kunne gjera. Eg skjøna kjapt at det å byggja opp tillit, knyta kontaktar, etablera eit nytt tilbod, ikkje kom over natta, men var noko som måtte arbeidast fram over lang tid.

I og med at eg budde i eit forholdsvis stor hus saman med tre andre vener, hadde eg moglegheiter til å invitera enkelte sesongarbeidar eg hadde blitt kjent med og fått kontakt med, og folk i frå andre miljø i Hemsedal, fleire gonger på middag. Tanken bak middagane var i stor grad å bli kjent med einannan, og knyta band på tvers av ulike miljø ein finn i bygda. Eg delte ut skillingsbollar og pizzabollar til kjente og ukjente sesongarbeidrarar, og det er mellom anna blitt arrangert bålveld, filmkveld og aktivitetsettermiddag ved KRIK (Kristen Idrettskontakt) høyfjellssenter. Eg har også brukt ein del tid i skibakken og møtt sesongarbeidrarar der. Fleire gonger var eg med sesongarbeidrarar frå austeuropeiske land som aldri har stått på ski før. Særskilt mot slutten av sesongen, då eg hadde fått ein del kjennskapar, vart skianlegget ein glimrande arena for å pleia kontaktar og bli betre kjent med nye sesongarbeidrarar. Besøk i heimane til sesongarbeidarane har også vore ein viktig del av arbeidet.

4.2 Resultat frå spørjeundersøkinga

4.2.1 Spørsmål 1 – 8

Av desse var det 46% menn og 54% kvinner som svarte. Gjennomsnittsalderen er kring 25 år, og er stort sett i frå Sverige. Heile 54,5% av dei spurde var svenskar, medan 12,7% kom i frå Noreg, 11,8% frå Danmark, 10% frå Litauen, 5,5% frå Polen og 5,5% i frå andre land. Eg har også vore i kontakt med sesongarbeidrarar både i frå Nord Irland, Korea, Polen, Litauen, Storbritannia, Tyrkia, Australia, Tsjekkia, Island, Slovakia, Nederland og Albania.

Mest halvparten av dei spurde (48,5%) jobbar innan restaurant/utelivsbransjen/hotell. 21,2% jobbar innan skiskulen/-utleige/-senteret, 18,9% innan reinhald, 6,1% innan butikk/daglegvare/bensinstasjon, 1,5% innan handverkarbransjen og 0,8% kører taxi/buss. 40% jobbar deltid og 60% heiltid. Over halvparten (56,4%) har jobba to eller fleire sesongar i Hemsedal, medan 40% har jobba heile 09/10 sesongen og 3,6% delar av sesongen.

Undersøkinga viser at 64,5% av sesongarbeidarane bur i sentrum. 20% bur ved skisenteret. Resten er spreidd litt rundt om i bygda. 33,63% delar leilegheit med andre, 26,36% bur i leilegheit (litt uklårt om dette er ein stor eller liten leilegheit dei har for seg sjølv, eller om dei deler den med andre), 20% bur i liten hybel, 14,54% i eige hus og 4,54% bur i hytte.

4.2.2 Spørsmål 9

Kor viktig er fylgjande område for at du jobbar i Hemsedal?

	Lite viktig	Middels viktig	Svært viktig
Ski/brett	7,5 %	27,1 %	65,4 %
Tena pengar	11,0 %	29,3 %	59,6 %
Få nye venar	11,2 %	38,9 %	50,0 %
Arbeidspraksis	25,5 %	37,8 %	36,8 %
Feste	42,1 %	39,2 %	18,6 %

På ein skala mellom 1-6 der 1 er ”Lite viktig” og 6 er ”Svært viktig”, vart gjennomsnittet slik:

Ski/brett	4,9
Tena pengar	4,6
Få nye venar	4,4
Arbeidspraksis	3,7
Festa	3,1

Hemsedal er mellom anna kjent for den praktfulle naturen og dei fantastiske skimoglegheitene. Det er då ikkje noko overrasking at både det inntrykket eg sit med, og dei resultata eg har fått inn gjennom undersøkinga, tyder på at dei aller fleste sesongarbeidarane kjem til Hemsedal for å stå på ski. Det er også tydeleg at både det å tena pengar og den sosiale delen med å få nye venar spelar ei stor rolle.

4.2.3 Spørsmål 10

Kva gjere du i fritida i Hemsedal?

	Lite tid	Middels tid	Mykje tid
Ski/brett	12,1 %	25,2 %	62,6 %
Besøke venar	12,9 %	47,2 %	39,8 %
Internett/TV/film	18,3 %	49,0 %	32,7 %
Party/disco	34,6 %	44,9 %	20,6 %
Langrenn	74,7 %	18,2 %	7,0 %
Café	64,8 %	29,5 %	5,7 %

På ein skala mellom 1-6 der 1 er ”Lite tid” og 6 er ”Mykje tid”, vart gjennomsnittet slik:

Ski/brett	4,6
Besøke venar	4,0
Internett/TV/film	3,8
Party/disco	3,2
Langrenn	2,0
Cafè	2,2

Som det kom fram i spørsmål 9, brukar mange sesongarbeidarar mykje tid i bakken på ski og brett. Ryktet sesongarbeidarane har, er at dei kjem til Hemsedal for å stå på ski, jobba og festa. Men ut i frå desse resultata ser ein at heile 12% brukar ”Lite tid” på ”Ski/brett”, og 34,6% bruker ”Lite tid” på ”Party/disco”. For meg er dette eit tydeleg teikn som motstridar biletene mange har av sesongarbeidarane. Sjølv om mange sesongarbeidarar kjem til Hemsedal for å stå på ski, jobba og festa, vil ikkje dette gjelde alle. Dette er også eit teikn på at sesongarbeidarane treng fleire alternativ på fritida, slik at fleire kan få opplevinga av å bli sett og møta dei behova dei måtte ha på fritida.

4.2.4 Spørsmål 11

Kor ofte er du på party/disco i fritida i Hemsedal?

4 eller fleire gongar i veka	2,7 %
2-3 gongar i veka	29,1 %
1 gong i veka	26,4 %
1-3 gongar i månaden	32,7 %
Aldri	9,1 %

Desse tala indikerer på at mange av sesongarbeidarane likar party/disco. Samstundes er det med på å understreka at fleire sesongarbeidrarar ikkje har det store party/disco behovet. 9,1% uttrykkjer at dei “Aldri” er på party/disco på fritida.

4.2.5 Spørsmål nr. 12

Kva synes du om fritidstilbodet for sesongarbeidrarar i Hemsedal?

	Heilt ueinig	Middels	Heilt einig
Lite å velja mellom	30 %	31 %	39 %
Dekker mine interesser	34,7 %	41,6 %	23,7 %
Mykje å velja mellom	41,5 %	47,4 %	11,8 %

Resultata som kom inn, både spørsmål 10 og spørsmål 11 viste at fleire sesongarbeidrarar ikkje har interesse eller ei lita interesse innanfor party/disco. Det som kjem fram her, er også med på å markera mangel på fleire fritidstilbod for sesongarbeidrarane. Tala som er interessante er at 39% synest det er lite å velja mellom når det gjeld fritidsinteresse i Hemsedal. 34,7% meiner fritidstilbodet ikkje dekkjer deira interesser, og 41,5% er heilt ueinig i at det er “Mykje å velja mellom”.

4.2.6 Spørsmål nr. 13

Det blir vurdert å setja i gong fleire fritidstilbod i Hemsedal, kva for aktivitetar kan det vera aktuelt for deg å vera med på? (Alle aktivitetar er i rusfri regi!)

	Heilt uaktuelt	Middels aktuelt	Svært aktuelt
Felles middagar for ein billeg pris	21,2 %	26,9 %	51,9 %
Fotball og volleyballturneringar	18,1 %	31,4 %	50,5 %
Arrangerte toppturar	19,4 %	34,0 %	46,6 %
Bålkeldar	21,9 %	35,2 %	42,9 %
Felles transport til bassenget på Gol	36,8 %	36,8 %	26,4 %
Cafè	33,3 %	50,5 %	16,2 %
Samtalegruppe om eksistensielle spørsmål	74,3 %	16,2 %	9,5 %
Kristen samtalegruppe/bibelgruppe	91,3 %	7,8 %	0,97 %

På ein skala mellom 1- 6 der 1 er ”Heilt uaktuelt” og 6 er ”Svært aktuelt”, vart gjennomsnittet slik:

Felles middagar for ein billeg pris	4,2
Fotball- og volleyballturneringar	4,2
Arrangerte toppturar	4,1
Bålkeldar	3,9
Felles transport til bassenget på Gol	3,4
Cafè	3,2
Samtalegruppe om eksistensielle spørsmål	2,0
Kristen samtalegruppe/bibelgruppe	1,3

Resultata som kom inn, peikar på at det er mange som viser interesse for fleire fritidstilbod, og mange av dei er svært aktuelle for sesongarbeidarane å delta på. Sjølv om ”Samtalegruppe om eksistensielle spørsmål” og ”Kristen samtalegruppe/bibelgruppe” tydelegvis ikkje er så populært i høve til mange av dei andre aktivitetane, skal ein fortsatt merka seg at det er ei viss interesse hjå somme.

4.2.7 Spørsmål nr. 14

Kunne du tenkt deg fleire rusfrie fritidstilbod?

Ikkje behov	15,2 %
Middels behov	36,1 %
Stort behov	48,6 %

På ein skala mellom 1 og 6 der 1 er ”Ikkje behov” og 6 er ”Stort behov”, vart gjennomsnittet 4,7.

Dei andre spørsmål kring fritidstilbod har uttrykt ganske tydeleg at det er behov for fleire alternativ på fritida. Spørsmål 14 summerer på eit vis det heile saman og gjere det heilt tydeleg at det er eit ”*Stort behov*” for fleire rusfrie alternativ.

4.2.8 Spørsmål nr. 15

Har du mange venar i sesongarbeidarmiljøet?

Ingen venar	3,8 %
Middels mange venar	19,6 %
Mange venar	76,7 %

På ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”Ingen venar” og 6 er ”Mange venar”, var gjennomsnittet 5,1.

Det er tydeleg at dei aller fleste har ei oppleving av å ha mange vener. Men det eg vil lyfta fram dei 3,8% av sesongarbeidarane som uttrykkjer at dei har ”Ingen vene”.

4.2.9 Spørsmål nr. 16

Har du venar utanfor sesongarbeidarmiljøet, altså generelt i Hemsedal?

Ingen venar	42,0 %
Middels mange venar	35,5 %
Mange venar	22,4 %

På ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”Ingen venar” og 6 er: ”Mange venar”, vart gjennomsnittet på: 3,2

Ut i frå desse tala, er det ingen tvil om at mange sesongarbeidarar ikkje har mykje med miljøet generelt i Hemsedal. 42% meiner dei har ”Ingen vene” utanfor sesongarbeidarmiljøet.

4.2.10 Spørsmål nr. 17

Er det spesielle utfordringar du har møtt på etter du kom til Hemsedal?

	Ikkje problem	Middels problem	Stort problem
Bustad	54,8 %	27,9 %	17,4 %
Språk	72,4 %	21,0 %	6,7 %
Vanskeleg å kome inn i miljøet	79,8 %	16,3 %	3,9 %
Finne venar	84,6 %	11,5 %	3,9 %
Einsemd	81,6 %	15,6 %	2,9 %

På ein skala frå 1 –6 der 1 er ”Ikkje problem” og 6 er ”Stort problem”, vart gjennomsnittet slik:

Butilhøva	2,6
Språkvanskår	2,0
Vanskeleg å koma inn i miljøet	1,7
Finne venar	1,6
Einsemd	1,6

Utfordringane for sesongarbeidarane dreiar seg tilsynelatande om bustad. 27,9% seier det er eit ”*Middels problem*”, medan 17,4% uttrykkjer det som eit ”*Stort problem*”. Når det gjeld språk, er det ikkje så stor overrasking at enkelte sesongarbeidrarar vil ha problem med språk i og med det er mange ulike nasjonalitetar samla på ein liten stad. Dei tre siste svaralternativa som sentrarer seg kring inkludering, vil vera viktig å kikka nærmare på. Sjølv om dei fleste uttrykkjer at desse utfordringane ikkje er noko problem, viser tala at fleire synest det både er vanskeleg å koma inn i miljøet, finna venar og er plaga av einsemd. Heldigvis er det ikkje fleirtalet, men mange nok til å vera merksam på dei.

(Spørsmål 18 vil eg slå saman med spørsmål 25 i slutten av kapittelet)

4.2.11 Spørsmål nr. 19

Har du nokon å snakka med dersom du får/har hatt personlige problem i løpet av opphalDET i Hemsedal?

Vener i miljøet	47,7 %
Telefonkontakt med vener/heimen	38,6 %
Andre i bygda	5,1 %
Anna	4,0 %
Ingen	2,8 %
Helsesøster/psykolog	1,7 %

Det er tydeleg at fleirtalet av sesongarbeidarane har folk rundt seg dei opplever dei kan prata med. Men likevel viser det seg at 2,8% opplever dei ikkje har nokon å snakka med. Og av dei spurde nyttar berre 1,7% seg av det kommunale tilbodet når det gjeld å snakka med fagutdanna menneske.

4.2.12 Spørsmål nr. 20

Trur du det er behov for ein person med teieplikt som er lett tilgjengelig blant sesongarbeidarane?

Ikkje behov	44,3 %
Middels behov	34,9 %
Stort behov	20,7 %

Sesongarbeidarane er ein gjeng som tilsynelatande er tøffe og på enkelte område vanskeleg å koma inn på. Når 20,7% uttrykkjer eit “*Stort behov*” og 34,9% eit “*Middels behov*” for å ha ein person blant sesongarbeidarane som er lett tilgjengeleg og har teieplikt, ser eg på dette som eit overraskande stort tal, og ei tydeleg teikn på eit behov sesongarbeidarane i stor grad treng.

4.2.13 Spørsmål nr. 21

Kva for trusretning eller livssyn vedkjenner du deg til?

Ateisme/ingen tro	34,6 %
Kr.dom – evangelisk	33,6 %
Kr.dom – katolosismen	11,2 %
Humanisme/agnostisisme	8,4 %
Anna	2,8 %
Buddhisme	2,8 %
Hinduisme	0,9 %
Islam	0 %

Resultata som kjem fram her, er eit tydeleg uttrykk for at fleire av sesongarbeidarane har eit visst høve til tru og trusretning. Kor djupt og kor godt feste desse åndelege og eksistensielle tankane har i kvar enkelt, er vanskeleg å seia. I denne samanheng er det interessant at heile 44,8% har kryssa av for å vedkjenna seg kristendomen om me slår saman evangelisk – og katolsk kr.dom. Om dette er eit uttrykk for at dette er det som ligg næraast deira livssyn, men eigentleg ikkje har noko høve til det, eller om det er noko dei brenn for, kjem ikkje tydeleg fram i dette spørsmålet.

4.2.14 Spørsmål nr. 22

Dersom du hadde et kapell / stillerom tilgjengelig til tenning av lys, tid til ettertanke og bønn, ville du brukt dette?

Aldri	88,7 %
Av og til	7,5 %
Ofte	3,7 %

På ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”Aldri” og 6 er ”Ofte” vart gjennomsnittet på 1,5

Her er det inga overrasking at dei aller fleste ikkje ynskjer eit slikt tilbod. Likevel ser eg det på som viktig å lyfta fram dei 11,2% som har kryssa av for at dei kunne tenkja seg å nytta eit slikt rom ”Av og til” og ”Ofte”. Dersom eg ser nærmare på kven det er som uttrykkjer dette, ser eg det er flest katolikkar.

4.2.15 Spørsmål nr. 23

Har du vore med på arrangement knyta til ditt livssyn/tru etter du kom til Hemsedal?

Aldri	90,4 %
Av og til	7,7 %
Ofte	1,9 %

På ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”Aldri” og 6 er ”Ofte” vart gjennomsnittet på 1,3

I spørsmål såg me at 44,2% vedkjente seg den kristendomen. Det interessante er at berre 7,7% har uttrykt at dei har vore med på arrangement knyta til livssynet /trua og 1,9% ofte. Dette seier noko om ei veldig lav deltaking kring arrangement kring tru og livssyn.

4.2.16 Spørsmål nr. 24

Har du eventuelt sakna å bli med på arrangement/fellesskap knyta til di tru etter du kom til Hemsedal?

Aldri	88,5 %
Av og til	4,8 %
Ofte	6,7 %

På ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”Aldri” og 6 er ”Ofte” vart gjennomsnittet på 1,5

Det er interessant å sjå at 6,7% har sakna eit slikt fellesskap etter dei kom til Hemsedal. 4,8% uttrykkjer eit slikt sakin ”Av og til”. Sjølv om det er få dette gjeld, meiner eg likevel det er mange nok til å ta tak i dette å tilby sesongarbeidarane eit betre tilbod kring dette.

4.2.17 Supplerande kommentarar

Spørsmål nr. 18 og 25 var opne for kommentarar. Eg har valt å slå dei saman og presentera dei her.

Stor interesse for fleire rusfrie tilbod

Fleire av sesongarbeidarane har uttrykt behov for ein plass og samlast utan alkohol. Eit opphaldsrom/fritidsrom dei kan ha til disposisjon når dei vil og ynskjer det. Dei meiner at ein stad med til dømes playstation, storskjerm, sofa og biljardbord, kunne gjort trivselen mykje større. Dei etterlyser særskilt fleire alternativ måndagar og tysdagar. Dette heng saman med rolege dagar etter helgerushet til Hemsedal. Tysdagar er det heller ikkje kveldskøyring i skitrekket.

Det er også ynskjeleg med fleire felles aktivitetar som gjer at ein blir kjent på litt andre måtar utanom på jobb og på fest. Forslag til aktivitetar er mellom anna interessegrupper der folk kan samlast, til dømes matgrupper, musikkgrupper, toppturgrupper osv. Videoutleie og skatehall er også blitt nemnt som forslag.

Meir informasjon kring det praktiske

Både i undersøkinga og elles når eg har snakka med folk, er det fleire gongar blitt nemnt at det burde ha vore ein stad der sesongarbeidarane kunne venda seg til når det gjaldt ulike problem, til dømes bustad, skatteordningar, informasjon kring helsetilbodet i Hemsedal, forsikring, sjukepengar osv. Det er også sakna eit meir aktivt engasjement frå arbeidsgjevarane når det gjeld å gje ut viktig informasjon før sesongarbeidarane kjem til Hemsedal. Mange bur vekke frå familien for fyrste gong i livet, og har uttrykt at dei skulle ynskja det var meir hjelpe å få kring desse felta. Det er blitt sagt at på dette området er det mange ”lekkasjar” som ein kan ta tak i for å møta fleire av behova til sesongarbeidarane.

5. Drøfting

I dette kapittelet skal eg drøfta korleis kyrkja, gjennom sitt diakonale arbeid, kan møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter. Utgangspunktet mitt vil vera ut ifrå undersøkinga gjort blant sesongarbeidarane i Hemsedal. Naturlegvis kan ein finna utallege innfallsvinklar for kva uttrykk dette kan ha, og det finst ingen fasit på korleis eit slikt arbeid skal sjå ut. Gjennom både undersøking, samtalar, observasjonar og erfaringar, har eg gjort meg opp nokre tankar og meningar om korleis kyrkja *kan* gå fram i høve til sesongarbeidarar. I det fylgjande vil eg først trekkja fram ulike behov eg ser kan vera viktig i eit slik møte. Særskilt vil eg sjå på behovet for å bli sett, behovet for rusfrie miljø, for lokalkunnskap, for ein sjelesørgjar/person med teieplikt, samtalegrupper og behovet for eit fritidslokale. Dette fordi eg ser på dei som nokre av dei viktigaste områda kyrkja kan møta sesongarbeidarane. For å koma sesongarbeidarane sine behov i møte, vil relasjonsbygging vera sentralt. Her kan ein trekkja fram mange faktorar som er med på å skapa relasjonar. Grunna mangel på plass, har eg valt ut to hovudfaktorar, nestekjærleik og inkluderande fellesskap, som eg ser på som grunnleggjande element i relasjonsbygging. I praksis kan dette ha mange uttrykk, men eg har valt tillit, oppsökjande kyrkje, interesse for den enkelte, synleggjera menneskeverdet og gjensidigkeit. Til slutt i drøftinga vil eg koma med enkelte konkrete forslag til korleis kyrkja kan møta sesongarbeidarar.

5.1 Kva er dei unge sesongarbeidarane sine behov?

Målet mitt med undersøkinga var å finna ut korleis kyrkja kan møta sesongarbeidarane på best mogleg måte. Eit sentralt spørsmål var då å finna ut kva behov sesongarbeidarane hadde. Men eg opplevde det som vanskeleg å vera konkret i høve til eit slikt spørsmål. Kva behov er det snakk om? Diakonale behov, men kva er det? Korleis skal ein uttrykkja det på ein lettfatteleg måte? Då eg snakka med folk, fekk eg som regel til svar at dei ikkje hadde behov for noko, dei hadde det dei hadde behov for. Var mi oppgåve å skapa dei behova kyrkjelyden i Hemsedal og eg såg sesongarbeidarane hadde, sjølv om dei ikkje uttalte det? Dette er noko Sjømannskyrkja også trekkjer fram (jf.3.3.3., diakoni som satsingsområde). Dei er oppteken av at to høve skal stå i sentrum – menneske sitt uttalte behov, og behov som ikkje er uttalt, men som kyrkja, ut i frå sitt trusgrunnlag, trur er verdfullt for menneske. Dette er noko eg også meiner. Det er enkelte behov som ikkje er uttalt, men som likevel er til stades ut i frå menneskesynet kyrkja har. Difor meiner eg kyrkja med stor fridom kan skapa desse behova.

Men kan ein generalisera desse behova til alle sesongarbeidarar? Når det gjeld dei grunnleggjande behova som nestekjærleik og inkluderande fellesskap, meiner eg desse er behov som er grunnleggjande for alle menneske. Men korleis dette blir uttrykt, kan vera ulikt frå stad til stad, og det er viktig ein ser på konteksten ein står i. Undersøkinga (jf.4.2.2) viste at dei aller fleste kjem til Hemsedal grunna gode ski-moglegheiter. Dette vil til dømes ikkje gjelda for sesongarbeidarar i Oslo, då deira motivasjon vil vera ein heilt annan, og interessefelta kan vera heilt andre. Difor vil det vera viktig å bli kjent med sesongarbeidarane på den aktuelle stad ut i frå dei interessefelta som pregar den enkelte stad. Difor er dette studie eit døme på korleis eit slikt arbeid kan sjå ut. Same kvar ein er, og korleis eit slikt arbeid kan bli sjåande ut, vil det uansett vera viktig å heile tida vera i rørsle og vera open og vaken for nye impulsar, tips og råd (jf.3.3.3 nye impulsar).

5.1.1 *Behovet for å bli sett*

Når det gjeld den sosiale situasjonen til sesongarbeidarane, er det tydeleg at dei aller fleste har mange vener i miljøet (jf.4.2.8). Likevel, som eg tidlegare har vore inne på, treng ikkje høge venetal vera ein fasit på om ein har det godt (jf.2.3.2 og jf.3.2.3). Tilsynelatande kan dei som verkar mest populære, vera dei som er mest einsame. Ein skal likevel leggja merke til dei 3,8% som uttrykkjer at dei ikkje har nokon vene (jf.4.2.8). Vil desse vera åleine, eller er det eit uttrykk for at dei ikkje har eit miljø dei trivast i, eller ikkje har nokon rundt seg dei kan stola på? 3,9% seier dei har eit “stort problem” med å koma inn i sesongarbeidarmiljøet, og heile 16,3% uttrykkjer at dette er eit “middels stort problem”. Når det kjem til einsemd, har 15,6% kryssa av for at dette er eit “middels stort problem”, og 2,9% oppgjer at dette er eit “stort problem” (jf.4.2.10). 42,0% av dei spurde har “ingen venar” utanfor sesongarbeidarmiljøet, altså generelt i Hemsedal (jf.4.2.9). Dette understreker også Vestby og Ruud¹ (2008) i deira rapport. Her kjem det fram at sesongarbeidarane synest det er vanskeleg å bli kjent, og mange av dei saknar å kunna delta i eit meir vanleg bygdeliv med kultur- og fritidsaktivitetar. Dette er for meg ein viktig peikepinn på at fleire sesongarbeidarar har opplevingar av å vera åleine og kan kjenna på kjensla av å vera einsam. Fleire sesongarbeidarar er i frå ulike nasjonalitetar, og mange av dei opplever ein ny kultur og eit nytt land for fyrste gong over ein kortare eller lengre periode. Som eg har vore inne på tidlegare (jf.3.2.2), kan avstanden til det kjente og trygge gjera noko med oss menneske. Møte

¹ Rapporten frå 2008 handlar om dei to turistdestinasjonane Geilo og Hemsedal. Fokuset er kring den lokale ungdommen, og der dei spør om slike attraktive turistdestinasjonar er gode oppvekstmiljø?

med det framande kan vera utfordrande for mange (jf.3.2.2, globalisering). Det er ingen tvil i at alle menneske har behov for å bli sett og stadfesta for at ein er elskar (jf.) Slik vil det også vera for sesongarbeidarar. Dei vil ha alle behov for å bli sett. I undersøkinga uttrykte ein sesongarbeidar at han ”...ønskar at Hemsedal blir mindre konservativt och främlingsfientligat”. Andre sesongarbeidarar har vorte svært overraska og glad over å høyra at fleire lokale Hemsedølingar tenkte på dei og ønska vera tilgjengeleg om det var noko dei kunne gjera for dei i løpet av opphaldet i bygda, noko dei ikkje har vore klar over.

5.1.2 *Behovet for rusfrie miljø*

Når det kjem til festing, er det inga hemmeleighet at mange sesongarbeidarar likar å festa, og det er svært godt tilrettelagt for uteliv og festing i Hemsedal. Kvar einaste onsdag, sundag og stundom mandag, er det duka for bransjefestar for sesongarbeidarane. Likevel har eg vore vitne til tilfelle der fleire sesongarbeidarane ikkje ynskjer å delta på fest, men grunna mangel på andre alternativ, blir dei likevel dregne med. Undersøkinga (jf.4.2.7) viser at heile 48,6% seier det er eit ”stort behov” for fleire rusfrie tilbod, medan 36,1% uttrykkjer eit ”middels stort behov”. 41,5% av dei spurde sesongarbeidarane er ”heilt ueinig” i eit brent tilbod innan fritidstilbodet for sesongarbeidarane i Hemsedal (jf.4.2.5), og fleire har uttrykt at dei synest det er i overkant mykje festing og fokus på alkohol. I fylgje undersøkinga (jf.4.2.4) er heile 9,1% av dei spurde aldri ute og festar. 32,7% kryssa av at dei er ute 1-3 gongar i månaden på fest. Ein kan også sjå at 12% brukar ”lite tid” på ”ski/brett”, og 34,6% brukar ”lite tid” på ”party/disco” (jf. 4.2.3). I og med at det er desse fritidsaktivitetane som er godt tilrettelagt i Hemsedal for sesongarbeidarane, ser ein likevel at fleire ikkje deltek på desse aktivitetane.

Resultata indikerer at ein god del av sesongarbeidarane ikkje ynskjer å delta på fest eller har eit moderat behov for festing medan dei er i Hemsedal som sesongarbeidarar. Sjølv har eg enkelte negative opplevingar med å delta på fest saman med sesongarbeidarane utan å drikka alkohol. Mi oppleving er at det ikkje er kultur for å delta på arrangement særskilt tilrettelagt for sesongarbeidarane, som bransjefestar og afterski, utan sjølv å drikka alkohol. Mange drikk på desse arrangementa for å drikka seg fulle. Eg opplever at alkoholkulturen blant sesongarbeidarane i Hemsdal er blitt så stor, at dei som ikkje ynskjer å fylla fritida si med alkohol, dett mellom to stolar og forsvinn i mengda. Sesongarbeidarane har sjølv uttrykt at det er eit stort behov for fleire rusfrie aktivitetar i Hemsedal.

5.1.3 Behovet for meir informasjon

I undersøkinga (jf. 4.2.11) kom det fram at berre 1,7% nytta seg av det offentlege tilbodet kommunen har når det gjeld å snakka med fagfolk som helsesøster og psykolog. Fleire gonger har sesongarbeidarane sagt i ulike samanhengar at det burde ha vore betre informasjon kring dei ulike tilboda kommunen Hemsedal har å tilby, kvar dei kan gå når det gjeld lege, skattepengar, osv (jf.4.2.17). Eit anna behov, er å formidla informasjon på engelsk. Enkelte sesongarbeidarar opplever at dei blir oversett, då dei ikkje kan norsk og stort sett all informasjon er på engelsk. Med andre ord har sesongarbeidarane behov for meir informasjon kring det offentlege tilbodet i kommunen, også når det gjeld tilbodet kyrkja kan gje sesongarbeidarane.

5.1.4 Behovet for ein person med teieplikt

Som tidlegare nemnt, blir unge menneske generelt stilt ovanfor mange val, og mange kan sitja med ynskje om å kunna samtala om eksistensielle spørsmål i livet (jf.3.1.2, nestekjærleik). “Emerging adulthood” kan også generelt vera plaga av angst og usikkerheit då dei ikkje har slått seg til ro ein bestemt stad (jf.3.2.1). Nyland ser også at reisande menneske ofte vil ha behov ein “medvandrar” ein kan drøfta tankar og kjensler med (jf.3.2.2). Sesongarbeidarane har sjølv uttrykt at sesongarbeidarmiljøet kan skildrast som ein såpeserie prega av både intriger og baktaling. Miljøet er lite, og det kan mange gongar vera ubehageleg lett å fylgja med kven som går ut og inn av dørene hos folk, kven som er saman med kven osv. På spørsmål om sesongarbeidarane hadde behov for ein person med teieplikt som er lett tilgjengeleg for sesongarbeidarane, synest eg det var overraskande mange som uttrykte eit slikt behov (jf.4.2.12). Heile 20,7% uttrykte eit “stort behov” og 34,9% uttrykte eit “middels behov”. Ein av kommentarane som kom fram i undersøkinga, var mellom anna denne: ”...och ett kontor dit man kan gå och prata utanom att någon vet”. Behovet for ein person med teieplikt, er eit tydeleg uttalt behov frå sesongarbeidarane si side.

5.1.5 Behovet for samtalegrupper

Generelt vil flytting og reising alltid vera eit potensiale for nye tankar kring livssyn, tru og tvil (jf. 3.2.2, globalisering). Når det gjeld det åndelege behovet sesongarbeidarane har, viste det seg i høve undersøkinga (jf.4.2.6) at 0,97% syntest det ville vore “svært aktuelt” å bli med i ei “kristen samtalegruppe/bibelgruppe” og 7,8% syntest det hadde vore “middels aktuelt”. Interessa er desto høgare når det gjeld “samtalegruppe om eksistensielle spørsmål” (jf.4.2.6). Her er det 16,2% som har uttrykt at det ville vore “middels aktuelt” å delta, medan 9,5% såg

på ei slik gruppe som “svært aktuelt”. Sjølv om det i og for seg kan tyda på ei veldig låg interesse når det gjeld slike grupper, er det likevel viktig å merka seg at det faktisk er nokre som viser ei viss interesse for dette. Dette kan ein også sjå på spørsmålet om sesongarbeidarane har sakna eit fellesskap i høve til trua og livssynet deira (jf.4.2.16). 6,7% seier dei har sakna eit slikt fellesskap “ofte”, medan 4,8 % har sagt at dei “av og til” har sakna eit fellesskap i høve til trua og livssynet deira. Likevel skal ein merka seg at det er ein høgare prosent som uttrykkjer at dei har sakna å vera med i eit fellesskap knyta til trua deira enn det er som har funne eit fellesskap å gå i. Når eg ser nærmere på kven det er som uttrykkjer dette, ser eg at det i hovudsak er katolikkane som saknar eit fellesskap, men også nokre som har kryssa av for at dei høyrer til evangelisk kristendom. Sesongarbeidarane vart også spurde om dei ville ha brukt eit kapell/stillerom som var tilgjengelig for dei til tenning av lys, tid til ettertanke og bøn (jf.4.2.15). 6,7% uttrykte at dei ville bruke det “ofte”, og 4,8% ville ha nytta seg av det “av og til”. Eg har også snakka med fleire sesongarbeidrarar kring åndelege tema/spørsmål, og har fått inntrykk av at dette er eit område som er viktig for mange. Generelt sett har mange større og større behov for å ha det stilt, kvila og å vera langsame (jf.3.1.2, nestekjærleik). Slik eg ser det, er behovet for å danna slike grupper som tar opp spørsmål om liv og død, tru og tvil, eit viktig aspekt.

5.1.6 Behovet for eit fritidslokale

Då mange sesongarbeidrarar bur i tronge hytter og hyblar, er det fleire som har gjeve uttrykk for behovet for ein fritidsstad/samlingsrom utan alkohol. Det finns mange kafear generelt i Hemsedal som er open for alle, men det å ha eit rom, særskilt for sesongarbeidarane, trur dei sjølve trivselen ville blitt større. Dette er noko Sjømannskyrkja også ser på som viktig for landsmenn i utlandet (jf. 3.3.1, verdiane til Sjømannskyrkja).

5.2 Å byggja bru mellom sesongarbeidarane og kyrkja

Eg har no peika på fleire behov sesongarbeidarane i Hemsedal har uttrykt meir eller mindre. På ulike måtar kan kyrkjelyden vera med å dekkja desse behova på ulike måtar. Som eg skildra innleiingsvis, vil relasjonsbygging vera sentralt. I det følgjande vil eg sjå på viktige element i høve til relasjonsbygging.

5.2.1 *Tillit*

Tillit er ein heilt sentral faktor når det gjeld relasjonsbygging. Om kyrkja får ein god relasjon med sesongarbeidarane der ein grunnleggjande tillit litt til grunn, kan dette vera med på å overskygga det negative biletet nokre forbind med kristendomen. Opplevinga mi frå Hemsedal var at mistillit og manglande respekt for kyrkja er forholdsvis stor blant sesongarbeidarane.

Eit døme kan vera middagsinvitasjonen som vart sendt ut til sesongarbeidarane i april.

Tilstellinga skulle gå av stabelen på ”kyrkjestugu”, eit stort lokale som blir brukt til ulike arrangement i bygda. Berre namnet på lokalet skapte mange reaksjonar. Ein sentral person i Hemsedal som har mykje med sesongarbeidarane å gjera, såg invitasjonen og sa etter han hadde lese første linja: ”Eg garanterer at 90% av sesongarbeidarane *ikkje* vil bli med på middagen når dei ser kvar det skal vera”.

Eg trur ikkje sesongarbeidarane er åleine om å ha fordommar – dette kan også gå motsett veg. Kyrkja sitt biletet på sesongarbeidarane har eg oppfatta i fleire tilfelle som fordomsfullt kritiske. For mange kan denne gruppen menneske vera ukjent, og usikkerheit, fordomar og tankar om at dei berre skal vera i bygda i kort tid, kan skapa avstand til sesongarbeidarane. Dette kan vera eit hinder for å koma i kontakt med sesongarbeidarane. Prest og dagleg leiar for ”Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep”, Elisabeth Torp, seier at ingenting skal hindra eit menneske frå å kjenna seg akseptert og respektert. Torp legg til at inkluderande fellesskap skal vera prega av: ”Guds grenselause kjærleik og tydelege grenser som skapar tryggleik”.

5.2.2 *Oppsøkjande kyrkje*

Den tradisjonelle kyrkjelyden i dag er prega av ein ”kom – til – oss – mentalitet”. Men skal ein nå ut til sesongarbeidarane, må ein tenkja i andre banar og møta medmenneska på deira heimebane (jf.3.3.3). Dette er noko Sjømannskyrkja også fokuserer i verdiane sine (jf. 3.3.1, Verdiane til Sjømannskyrkja). Tala i undersøkinga (jf.4.2.16) viser at 90,4% aldri har vore med på arrangement knyta til trua og livssynet deira. Dei få prosentane som har skrive dei ”Av og til” har delteke på slike arrangement (7,7%) og som har delteke ”ofte” (1,9%), treng heller ikkje ha noko med kristne arrangement å gjera.

5.2.3 Ha ei interesse for den enkelte

Ei genuin interesse i medmenneska er også ein viktig faktor i relasjonsbygging. Jesus oppmodar oss til å elska nesten som oss sjølve (jf.3.1.2, nestekjærleik). Dette kan også ha ei anna side. Utfordringa ein kan møta på i slike tilfelle er misforståing kring relasjonane, særskilt om ein er jamgamal med dei ein ynskjer å få kontakt med. Eg sjølv opplevde dette som ein knivegg å balansera på. Eg hadde eit ynskje om å bli kjent med sesongarbeidarane, sjå dei, vera ein “medvandrar” om dei trengde noko å snakka med, høyra korleis dei hadde det i livet og i Hemsedal, om det var nokre særskilde behov dei hadde osv. Difor dreiv eg mellom anna eit oppsökjande arbeid blant sesongarbeidarane. Men enkelte sesongarbeidrarar som kanskje hadde vanskar med å bli ein del av eit større nettverk i bygda eller blant andre sesongarbeidrarar, kunne oppleva meg som ein nær og god ven. På ei side hadde eg eit sterkt ynskje om å vera der for dei, snakka med dei, og inkludera dei i eit større miljø. På ei anna side har det vore særskilt viktig å tydeleggjera posisjonen eg hadde, og ikkje involvera meg for mykje i andre sine liv, men dette er ein svært vanskeleg balansegong då ynskje og målet er at andre skal bli ein del av eit større miljø. Ei anna utfordring kan vera å ha ei interesse i andre menneske av det motsette kjønn. Eg har fått kommentarar på om eg har vore ute på “sjekker’n”, eller om eg har vore forelska. Som ung, singel jente på deira eigen alder, har det vore utfording på mange måtar å gjera klart frå fyrste stund kvifor ein ynskjer å bli kjent med sesongarbeidarane. Sjølv opplevde eg det som vanskeleg i fleire tilfelle å oppsökja folk då eg fekk kjensla av å ha baktanke med det eg gjorde. Det siste ein vil er at folk bli skuffa, vonbroten og såra. Eg kan illustrera dette med å gje eit lite utdrag av ein e-post eg fekk ein dag: “Om jag inte visste bättre skulle tro att du var förälskad i mig nu. Men det är ju lite svårt att veta med dig eftersom du kanske bara är kristen och sympatisk och jag ser ut som någon som behöver hjälp”. Dette seier mykje om kor varsam ein må vera i slike samanhengar. Som miljørarbeidar vart eg kjent med mange som eg gjekk godt saman med, og ville også vera saman med på fritida. Men kva kunne eg sjå på som jobb og ikkje jobb? Var det berre dei meir “utfordrande” tilfella eller relasjonane eg kunne karakteriserast som jobb?

Når ein skal驱iva oppsökjande arbeid, og prøva å byggja relasjonar, vil det vera sentralt å trå varsamt fram. Då eg var i Hemsedal, fekk eg stundom spørsmål om eg såg på dei eg tok kontakt med som hjelpetrengjande, eller eit “offer” slik at eg kunne “ta meg av dei”. Dette kan lett føra til ekskludering. Søvik, redaktør i Lys og liv, peikar også på dette: “I forsøk på å inkludere folk kan det fort bli for klamt, og dermed heller fungere ekskluderende”(Lys og liv, 2010).

Men også her skal ein trå varsamt fram. Som kyrkje kan fokuset kring det å tilby hjelp opplevast audmjukande. Dette er viktig å vera observant på i møte med sesongarbeidarane. (jf. 3.1.2, gamal definisjon av diakoni)

5.2.4 *Synleggjera menneskeverdet*

Det kristne menneskesynet fortel mellom anna at eit kvart menneske er unikt og dyrebart i Guds augo (jf.3.1.3, nestekjærleik), og heng tett saman med Kristi lekam. For kyrkja vil det vera viktig å vera truverdig og ekte i høve til formidling av at alle er like verdfulle og alle blir stilt på lik linje (jf.3.1.3, inkluderande fellesskap).

5.3 Å skapa møteplassar

Til no har eg sett på enkelte faktorar som kan vera med å byggja relasjonar til sesongarbeidarane. I det følgjande vil eg leggja fram ulike måtar kyrkja kan møta desse behova. Eg vil ta utgangspunkt i dei behova eg har nemnt ovanfor og sjå på konkrete døme korleis ein kan skapa relasjonar og eit inkluderande miljø. Eg har valt å bruka Sjømannskyrkja som ein modell, og trekkja inn parallellear og verdiar organisasjonen har. Dette fordi eg ser på desse som svært aktuelle og viktige i ein slik samanheng. Dei ulike døma på aktivitetar kan sjølvsagt stå kvar for seg og bli praktisert utan å ha ei ramme rundt det. Eg sjølv opplever det som viktig å danna ein “basecamp” som eit utgangspunkt for tenesta retta mot sesongarbeidarane. Dette for å ha eit konkret utgangspunkt, og sesongarbeidarane kan lett kjenna att tilbodet ein har. Det kan også vera lettare for sesongarbeidarane å veta meir konkret kva ein står for om ein har ei slik ramme rundt det heile.

5.3.1 *Fritidslokale*

I undersøkinga vart det uttrykt eit behov for ein plass for sesongarbeidarane å vera utan alkohol (jf.5.1.6). Eg ser det mellom anna som ein viktig innfallssport for å byggja relasjonar med eit utgangspunkt i eit slikt opphaldsrom/fritidsrom tilgjengeleg for sesongarbeidarane. Eg ser det som viktig at eit slikt lokale må mellom anna vera sterkt prega av gjestfridom, “heimeatmosfære” med til dømes gode sofaer, bokhylle for utlån og byting av bøker, varme vaflar og kaffi - som ei lita sjømannskyrkje (jf.3.3.3, gjestfridom). På sikt kunne ein fått biljardbord, playstation og ein storskjerm då dette er etter sesongarbeidarane sine eigne ynskjer. Leiar i det norske diakoniforbund, Ola Smeplass, understreker at eit inkluderande fellesskap skal vera prega av at alle kan føla seg heime, få ei kjensle av å vera trygg og ha verdi på grunn av den ein er (Lys og liv, 2010). Å skapa ein “heim” der tryggleik og varme står i fokus for sesongarbeidarane, meiner eg ville vera av stor betyding både for

sesongarbeidarane og for kyrkja (jf. 3.3.1, verdiane til Sjømannskyrkja). Det kan også vera med på å ta vare på helsa, både den fysiske og psykiske helsa i form av at dei kan oppleva å koma til ein stad der dei kan slappa av og koma til kreftene. Arbeidssituasjonen kan bli betre då dei kan føla seg meir opplagte og utkvilte, noko som igjen kan få vidare konsekvensar for dei menneska dei igjen møter. Det viktigaste er at eit slikt lokale kunne ha vore ein stad der sesongarbeidarane kunne fått ei oppleveling av å bli både sett, hørt og inkludert.

I fylgje helsestasjonen i Hemsedal er det eit problem blant sesongarbeidarane at det i fleire høve oppstår uynskte graviditetar. Slike tilfelle kan vera svært sårbare og det kan vera godt å snakka med nokon som ynskjer å lytta og vera der som ei støtte som ikkje fordømer dei. Her meiner eg kyrkja kan vera ein viktig ressurs. Kanskje ein også kan invitera profesjonelle føredragshaldarar som kan ta for seg vern om skaparverket i form av det ufødde liv, kring eiga helse, alkohol, festing osv. (jf. 3.1.3, vern om skaparverket). Men det er svært viktig at det ikkje skal bli oppfatta som fordøming på noko måte då dette er sårbare tema (jf. 3.3.3, gjestfridom).

5.3.2 *Medarbeidarar, lokale og person med teieplikt*

Eg ser det også som tenleg å ha minst ein fulltidstilsett som kunne ha vore med å ha eit overblikk og ansvar for ulike aktivitetar og ting som måtte gjerast. Som tidlegare nemnt, viste undersøkinga eit forholdsvis stort behov for ein person med teieplikt som kunne vera lett tilgjengeleg for sesongarbeidarane. Det ville også vera med på å stilla krav til eit lokale med eit avskjerma rom med moglegheiter for samtale. Som eg tidlegare har sett, er dette noko Kyrkjerådet også oppmodar til (jf. 3.1.2, nestekjærleik). Ein slik stad kunne også vere eit utgangspunkt for organisering av rusfrie alternativ for sesongarbeidarane.

5.3.3 *Ulike aktivitetar*

Undersøkinga tok mellom anna opp kva aktivitetar som kunne vore aktuelle for sesongarbeidarane å bli med på i rusfri regi (jf. 4.2.6). Fleire aktivitetar såg ut til å vera av interesse, medan andre ikkje var fullt så attraktive. Å ha eit felles måltid som middag vart mest populært. Heile 51,9% syntest det var "svært aktuelt". 50,5% uttrykte at fotball - og volleyballturneringar ville vera "svært aktuelt", medan 46,6% kryssa av at felles toppturar på fjellet som "svært aktuelt". Eit anna døme som kunne vera "svært aktuelt" for sesongarbeidarane var "bålkeldar" med 42,9%. Andre døme på kontaktskapande arbeid er å stå på ski med "ski-framande" sesongarbeidarar, ulike aktivitetsdagar som bakekveld, juleverkstadar, kveldar der ein voksa skia og bretta for sesongarbeidarane, sy- og

strikkeklubar, klatreaktivitetar, ulike konkuransar i bakken osv. Ein kunne også bruka eit slikt lokale til å arrangera ulike interessegrupper eller temakveldar (jf. 4.2.17). Å invitera inn til vidt ulike interessegrupper, kan føra til at ein får bli kjent med fleire ulike typar menneske, og det kan vera at fleire kan bli kjent og forhåpentlegvis få ei kjensle av å vera heime sjølv om ein er heimafrå.

5.3.4 *Sjå nye sesongarbeidarar*

Ein måte å sjå sesongarbeidarane på, kan vera å ynskja dei velkommen til bygda. Ein kan til dømes ha eit vakkert blikk og vera medviten når det gjeld gjestfridom og det å vera imøtekommende når ein møter sesongarbeidarane. Dette kan til dømes skje når ein går i butikkar, er innom hotella, er i skianlegget, på pubar, restaurantar, kafear osv. Eit anna døme kan vera å gå saman fleire instansar i kommunen og laga til tilstellingar. Ein kan då samla alle sesongarbeidarane og visa litt av dei ulike tilboda sesongarbeidarane har i lokalsamfunnet. Ei slik samling vil vera viktig å koma i gong med på eit tideleg tidspunkt i sesongen, så sesongarbeidarane kan nytta seg av dei ulike tilboda så tideleg som råd er. Ein kan også gå og henga ferske bollar på dørene til der dei bur med ei lita helsing i. Her er det berre fantasien som set grenser. I møte med nye sesongarbeidarar er det viktig å ha eit ope sinn. Sturla Stålsett, generalsekretær i Kirkens bymisjon, peikar på setninga: “Ingen er bare det du ser”. Dette heng tett saman med ordet “respekt” som tyder “sjå om igjen” (Lys og liv, 2010). Med eit slikt fokus kring møte med sesongarbeidarane, meiner eg situasjonen for mange fleire ville vore annleis.

5.3.5 *Informasjon til sesongarbeidarane*

Eg trur også det kunne vere viktig å ha ei oppdatert oppslagstavle, og kanskje ei internettseite som tok for seg kva som skjedde i bygda til kvar ei tid, ein postkasse som kunne ta imot både ros, klager, forslag til korleis ein kan gjera ting betre, forslag til aktivitetar osv., då dette har vore sakna hjå sesongarbeidarane (jf. 4.1.17). Det ville også vera viktig å skriva informasjon på fleire språk slik at ein er sikker på at alle får informasjon som er forståeleg kring det som skjer (jf. 2.3.3). Hemsedal har mange ulike tenester som er tilgjengelege for sesongarbeidarane, men som kanskje ikkje er like synleg eller terskelen for å nytta seg av dei ulike tilboda er så stor at ein droppar det. Døme på ulike tenester kan vera psykisk helsevern, helsesøster, lege, NAV, tannlækjar, osv. Ein tilsett kunne til dømes hjelpt til med spørsmål kring forsikring, sjukemelding, skatt, lege osv, eller eventuelt visa dei vidare til dei rette personane som jobbar med slikt.

5.3.6 Stillerom

Det er også nokre få (3,7%) som har uttrykt at dei kunne tenkja seg å nytta eit kapell / stillerom til tenning av lys, tid til ettertanke og bønn ofte om dei hadde det tilgjengeleg. 7,5% skreiv at dei kunne tenka seg det “av og til”. Dette er også ein faktor ein kan trekkja inn i eit lokale om det skulle vera moglegheiter for det, og for å koma sesongarbeidarane sine behov i møte (jf.4.2.14).

5.3.7 Smågrupper

Som kyrkje ser eg det som svært viktig å ha eit tilbod som kan vera open heile tida når det gjeld det åndelege behovet om sesongarbeidarane skulle ynskja det. Det kan mellom anna vera at ein viser at ein er open for å be for sesongarbeidarane om det skulle vera ynskjeleg, vera til stades om nokon ynskjer å ta opp åndelege spørsmål eller utfordringar (jf. 3.2.4). Eit anna viktig moment vil også vera å gje eit tilbod om å bli med i eit kristent fellesskap som kan vera retta mot sesongarbeidarane. Slike grupper kan vera prega av eit ope fellesskap, der ein skal ha moglegheit for å vera seg sjølv 100%, og ta fram spørsmål og tankar ein måtte bera på. Dette er noko Laugerud (1999) poengterer. Han trur små fellesskap innan det store, kristne fellesskapet, er byggjeklossane i kyrkjelydane i framtida. Her skal det vera rom for å tala sant om seg sjølv og menneske. Det kan vera ein stad der bodskapen om Jesus Kristus kan ta bustad i ein. I grupper som dette kan ein trena seg opp i å tala om Gud på ein praktisk og jordnær måte. Han ser på gruppa si styrke mellom anna med at den har dialogen som grunnspråk (Laugerud, 1999, s. 50). Ein skal vera merksam på at ikkje alle er kristne, sjølv om fleire ynskjer å samlast i samtalegrupper om eksistensielle spørsmål. Dette kan gjera at bibelgrupper ikkje er relevante for alle dei som ynskjer å delta i slike samtalegrupper, Dette kan ein sjå utifrå forskjellen mellom dei som har svart ”svært aktuelt” på dei to relevante spørsmåla (jf. 4.2.6). Ein kan til dømes starte slike grupper parallelt.

5.3.8 Inkludering av fleire miljø

Dei forslaga til tiltak eg no har nemnt, kan til dømes vera med å blanda fleire miljø. Sesongarbeidarar mellom anna frå Litauen har uttrykt eit sakn om bli kjent med andre sesongarbeidarar frå det lokale miljøet og andre nasjonalitetar og kulturar utanom dei frå Skandinavia. Andre kristne miljø, som Kristen Idrettskontakt (KRIK), i Hemsedal, har også gjeve uttrykk for å ha sakna ein nærmare relasjon med sesongarbeidarane då dei opplever det som vanskeleg finna naturlege møtepunkt.

5.4 Andre behov kyrkja kan møta

Utanom å inkludera sesongarbeidarane inn i eit fellesskap dei kan oppleva som meiningsfylt og godt, vil det vera fleire behov sesongarbeidarane kan ha som ikkje er kome så godt til uttrykk gjennom undersøkinga, men er kome fram gjennom samtalar, erfaringar og observasjonar. Eg vil i det fylgjande trekkja fram nokre punkt eg ser er viktig i kyrkja sitt møte med sesongarbeidarane.

5.4.1 Krisehandtering

Det fyrste eg vil nemna er at kyrkja er førebudd på eventuelle kriser som måtte koma opp. Sjømannskyrkja er mellom anna drilla på beredskap innan krisehandtering. Dette ser eg på som ein viktig faktor når det gjeld å koma sesongarbeidarane i møte. Det vil då vera viktig at sesongarbeidarane veit om kyrkja, og kjenner til dei tilboda kyrkja kan tilby. Tidlegare studentprest, Sjur Askjer, poengterer i ein telefonsamtale kor viktig det er å ha bygd opp eit tillitshøve til sesongarbeidarane dersom ei krise eller ulukke skulle inntreffa.

5.4.2 Kjempa for deira rett

Ein annan viktig sak den diakonale kyrkja kan vera med å bidra med i høve til å møta sesongarbeidarane sine behov, er å tala deira sak (jf.3.1.3, kampen for rettferd). Eit døme kan vera husvære. I fylgje undersøkinga seier dei fleste at dei ikkje synest det er noko utfordring med bustad (jf.4.2.10). Ein av sesongarbeidarane uttrykte det slik: ”Ein skal bu både trøngt og lite når ein lever eit ”bomseliv”. Andre bur i fine leilegheiter, og har det romsleg rundt seg.

Men denne sida har også eit anna andlet. Når eg har vore rundt og snakka med folk, og eg har sett korleis sesongarbeidarane bur, er det mykje eg har både sett og høyrt. Enkelte sesongarbeidarar stuar seg inn på små hyblar og hytter der dei mellom anna korkje har skikkelege kokemoglegheiter eller bodar. Eg har fått kommentarar på at det å finna bustad i Hemsedal ikkje er ei enkel sak. Billege valmoglegheiter er vanskeleg å finna, og ein blir tvungen til å bu saman med andre om ein ikkje ynskjer å betala mykje for å finna ein eigen stad å bu. 17,4% av dei spurde meiner det er ei ”stor utfordring” i høve til bustad, medan 27,9% seier det er eit ”Middels stort problem” (jf.4.2.10). Kva problem og utfordringar som ligg bak tala som kom inn under undersøkinga, er meir uvisst. Fleire gonger har sesongarbeidarane kommentert at det kunne blitt lagt endå betre til rette for sesongarbeidarane i høve til prisen, og at dei skulle ynskja det var billegare for dei å bu i Hemsedal. I fylgje sesongarbeidarane betalar dei normalt betalar 60 - 70% av løna til husleige som oftast ligg kring 5-7000 kr pr. månad. Mange leilegheiter har ikkje vaskemaskin, noko som heller ikkje

gjev utslag på leiga. Ein sesongarbeidar som har jobba Hemsedal i 6 sesongar, fortalte han hadde hatt 6 ulike leilegheiter, og berre 1 av dei 6 hadde vaskemaskin. Vasking av klede vil difor vera eit av problema til sesongarbeidarane. Det er også fortvilande å betala høge leigeprisar for bustader som ikkje er i skikkeleg fatning.

Enkelte sesongarbeidarar har uttrykt at Hemsedal vil ha i “pose og sekk”. Dei opplever kommunen ynskjer god arbeidskraft slik at dei kan gå fram med eit godt rykte, og det vil koma fleire turistar til bygda, noko som gjev gode pengar i kassa. Samstundes ynskjer dei å tena pengar på sesongarbeidarane blant anna med å ta skyhøge prisar på bustadane som blir leigd ut. Hadde det ikkje vore for at sesongarbeidarane kom til Hemsedal om vinteren, hadde det ikkje vore noko turistdestinasjon og ei bygd turistane kom strøymande til.

Dette er eit punkt eg har fått erfara kan få konsekvensar om ein engasjerer seg i dei utfordringane sesongarbeidarane kan ha. Eg fekk nyss i at dette var eit område som var problematisk for ein stor del av sesongarbeidarane, og eg tok dette opp med kommunen. I og med at media meldte si interesse i dette, vart det eit stort oppslag i “Hallingdølen” med framsideoverskrifta “Hardt liv i Hemsedal” (vedlegg 3). Eg meiner dette er eit døme på korleis ein kan kjempa rettferda for sesongarbeidarane i Hemsedal, og gjera tilhøva for sesongarbeidarane betre.

5.4.3 Samarbeid

Men dersom kyrkja skal driva ei teneste retta mot sesongarbeidarane, vil ikkje berre fokus liggja kring relasjonsbygging kring sesongarbeidarane. Det vil også vera viktig å ha gode relasjonar innanfor kyrkja. Haanes seier at diakoni først og fremst skjer lokalt, og vil ikkje vera tilstrekkeleg berre med å leggja ansvaret over på kyrkja som institusjon og hevda at den bør gjera meir. Det vil heller ikkje vera nok om ein fekk midlar til å tilsetja ein diakon i kvar kyrkjelyd. Han ser på det som eit felles ansvar, alle som utgjer det fellesskapet ein kallar kyrkje (Lys og liv, 2010). Ein har ulike gåver og talent, og det å spela på lag med einannan er heilt sentralt. Eit godt samarbeid med ulike kyrkjelydar, kan føra til at ein lettare held einannan informert over kva som skjer i dei ulike kyrkjelydane til kvar ei tid, ein kan unngå ulike kollisjonar angåande arrangement som møte konsertar osv., og ein kan også informera medlemmane i ulike kyrkjelydane om kva som skjer kring tenesta retta mot sesongarbeidarane.

Dette er noko Stock² også understreker. Han meiner ein må involvera meir enn ein lokal kyrkjelyd om ein ynskjer å stilla opp for sesongarbeidarane. Erfaringane hans går ut på at dersom ein ikkje får til eit godt samarbeid, kan det fort bli misunning, og ein får ikkje til eit fruktbart arbeid som kan skapa vekst vidare. Potensialet blir ikkje utnytta. Eg ser det som eit viktig poeng at ein gjer seg nytte av kvarandre sine styrkar, talent og evner (jf. 3.1.3, inkluderande fellesskap). Lokale kyrkjelydar er som oftast vel etablerte og sit med eit stort nettverk av viktige kontaktar, fasilitetar, økonomiske midlar, visdom og kunnskap. Dårleg kommunikasjon og misforståingar mellom den yngre og eldre generasjon kan vera med å hindra eit godt samarbeid. Men dersom ein lærar seg å jobba saman på tvers av generasjonane der eldre investerer i den yngre generasjon med oppmuntring og oppbacking, og dei unge svarar tilbake med å æra den eldre generasjon, kan eit arbeid retta mot sesongarbeidarane i Hemsedal føra til at utføringa av tenesta blir meir solid og kraftfullt. Den eldre generasjon har ei livserfaring den yngre generasjon kan læra mykje av, dei kan også sjå ting frå heilt andre synsvinklar enn dei yngre ser eller har føresetnader for å sjå. Ein kan mellom anna oppretta ulike nemnder som kan vera med å bidra på ulike måtar. Til dømes ei nemnd som ynskjer å bidra i miljøet, ei nemnd der ulike representantar frå ulike kyrkjelydar og ei nemnd med lokale pastorar om det er fleire pastorar på staden.

Men menneske er skapt til å vera kreative og sjølvstendige like mykje som ein er skapt til fellesskap og samarbeid med andre. Dette kan føra til at kyrkjelydar ikkje ynskjer samarbeid med andre. Ein klarar til dømes ikkje å sjå forbi usemjene dei kan vera ueinige i på andre område og felt, i staden for å fokusera på det som er primært for kyrkjelyden – å dela evangeliet. Eit anna døme kan vera misunning og trussel frå andre kyrkjelydar som tilsynelatande ser ut å fungera betre enn sitt eige. I staden for samarbeid, startar dei si eiga teneste som jobbar for det same. Stock hevdar at suksess i ein kyrkjelyd skulle ha vore suksess i alle kyrkjelydar grunna ein er ein del av ein og same kropp (jf. 3.1.3, inkluderande fellesskap).

Ein kan sjå på mange av sesongarbeidarane i Hemsedal som ein “Ski- og snøbrettkultur” med deira eige språk, klesstil, tilstellingar osv. Det vil difor vera viktig at denne kulturen også blir sett og som treng Guds kjærleik og omsorg – evangeliet i handling. Stock ser det som ein fordel å bli ein del av denne kulturen der ein lærer å snakka det interne

² Joshua Stock, leiar av ”Snowboarders and skiers of Christ” (SFC) i USA. E-post 19. oktober 2010

språket, vera saman med dei osv. Då kan det bli lettare å få innpass, og ein kan gå inn å tenestegjera denne gruppe menneske dei eit språk som kommuniserer med dei.

Men Stock har ei oppfatning av at få menneske i ulike kyrkjelydar ser dette som ei teneste som ikkje er vedvarande. Sesongarbeidrarar blir mange gongar ikkje sett på som ei gruppe å nå ut til. Grunna ski – og snøbrett er knyta saman med ferie, hygge og avslapping, kan ei slik teneste blant ein slik gjeng ikkje bli oppfatta som ei skikkeleg teneste for Gud og kyrkja. Det kan bli oppfatta som det å køyra snøbrett og ski heile dagen, leva for å ha det gøy og hygga seg heile tida, er arbeidslaus og lat, men kallar det heile ei teneste for å rettferdiggjera seg sjølv. Stock hører ofte at folk seier sarkastisk: ""Wow. You're really sacrificing for the Lord!" eller "Oh, yeah, that must be real hard work skiing all day". Problemet vil ofte vera at kyrkjelydane ikkje ser det som eigentleg blir gjort. Diakonale tenester som det å be for sjuke, gå på husbesøk, vera ei støtte for dei som er totalt utkøyrd av all festing, stilla opp for å hjelpa til for dei som treng ei hand med andre praktiske gjeremål, organisering og planlegging i høve til arrangement osv., er ofte ikkje synlege, men blir gjort i det stille. Mange gonger vil det vera lite pengar å leva av då kyrkja ikkje trur på denne type teneste, og ikkje ynskjer å bidra økonomisk sett. Dette kan vera ei stor utfordring dersom ikkje dei ulike kyrkjelydane får til eit godt samarbeid.

Samarbeid med lokale instansar

Å samarbeida med andre lokale instansar som til dømes kommune, helgestasjon, sokneråd og turistnæringa vil også vera viktig. Det eg ser er viktig når det gjeld samarbeid med andre kyrkjelydar i høve til kyrkja sitt møte med sesongarbeidarane, er mellom anna å sjå kva ein kan gjera felles ut i frå det allmenne nestekjærleiksaspektet (jf.3.1.3, nestekjærleik). Eit samarbeid kan skapa meir truverd blant lokalbefolkninga. I eit slik samarbeid vil det vera viktig for kyrkja å vera tydeleg på kven ein er og kva ein driv med. Ofte kan det skapa tryggleik om ein tar opp tema som folk generelt oppfattar som "religiøse" tema, inn i meir kyrkjelege samanhengar.

Kontakt med arbeidsgjevarar

Det vil også vera viktig å oppretta god kontakt mellom arbeidsgjevarane til sesongarbeidarane. Dei kan vera med å informera om tilbodet kyrkja har for sesongarbeidarane, og vera ein bidragsytar når det gjeld å sjå sesongarbeidrarar som ikkje har det godt, eller som på ein eller annan måte ikkje opplever å bli inkludert i eit miljø dei trivast i. Eit slikt samarbeid set krav til å oppretta ein slik kontakt og skapa tillit også til

arbeidsgjevarane. Som kyrkje vil det vera viktig å prøva fanga opp ulike signal og teikn på om nokon er einsame. Dette kan mellom anna skje ved ein nær kontakt med arbeidsgjevarar og prøva ha augo opne for dette. Eg ser det på som viktig at kyrkja kan møta sesongarbeidarane med eit ope sinn, og vera observant på om nokon treng ekstra merksemd (jf. 3.1.3)

6. Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på korleis kyrkja kan, gjennom sitt diakonale arbeid, møta sesongarbeidarane ved eit kommersielt skisenter. Utgangspunkt var ei undersøking gjort blant sesongarbeidarane i Hemsedal. Gjennom eit kvantitativt studie har eg fått eit godt innblikk i sesongarbeidarmiljøet, og sett korleis kyrkja kan koma dette miljøet i møte. Teorien har sentrert seg kring kyrkja og diakonien, ungdomskultur og Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet. Vidare har eg presentert resultata frå spørjeundersøkinga. Deretter har eg drøfta funna mine opp i mot problemstillinga mi.

Konklusjon

Eg har kome fram til fleire viktige faktorar eg vil kort nemna. Det vil vera heilt sentralt å fyrst finna ut av kva for behov sesongarbeidarane har dersom kyrkja skal møta sesongarbeidarane. Mellom anna har eg sett at det er behov for å sjå den enkelte sesongarbeidar, behov for rusfrie miljø, behov for meir informasjon, behov for person med teieplikt, behov for samtalegrupper, behov for fritidslokale. For å møta desse behova, ser eg det som sentralt å byggja relasjonar. Stikkorda her er tillit, vera ei oppsøkjande kyrkje, ha ei interesse for den enkelte og synleggjera menneskeverdet. Dette kan til dømes koma til uttrykk gjennom å ha eit fritidslokale og liknande som ein “basecamp” eller eit utgangspunkt for eit slikt arbeid. Her ser eg på Sjømannskyrkja, Norsk kyrkje i utlandet, som ein viktig rollemodell med nestekjærleik og inkluderande som eit sentralt fokus. Eg ser også at kyrkja kan møta sesongarbeidarar med å ha medarbeidarar som har teieplikt. Ein kan då tilby samtalor og sjelesorg om nokon skulle ynskja det. I og med at sesongarbeidarane har eit behov for rusfrie arrangement, meiner eg eit slikt lokale også kan brukast som eit utgangspunkt for å møta sesongarbeidarar. Ein kan til dømes invitera inn til felles måltid/middagar, arrangera toppturar, fotball – og volleyball turneringar. Dette kan også vera med på å blanda ulike miljø i bygda. Då sesongarbeidarane har sakna meir informasjon kring ulike aktivitetar i bygda, ser eg det også som viktig å ha ei oppdatert oppslagstavle i same lokale og ei internetside som tok for seg kva som skjedde i bygda til kvar ei tid. Eit anna døme kan vera å ha ein postkasse som kunne ta imot både ros, klager, forslag til korleis ein kan gjera ting betre osv. Andre ting som hadde vore bra å ha ein slik plass, var gode sofaer, biljardbord, ei stor bokhylle folk kunne koma å låna bøker, og eventuelt bytta bøker, servering av varme vaflar og kaffi. Kyrkja kan også ha medarbeidarar som er eit ledd mellom sesongarbeidarar og arbeidsgjevarar, kommunen, psykisk helsevern, helsesøster osv. Slike medarbeidarar kan også stå til teneste

når det gjeld spørsmål kring forsikring, sjukemelding, skatt, lege osv, eller eventuelt visa dei vidare til dei rette personane som jobbar med slikt. Sjølv om det ikkje var stor oppslutnad kring grupper som omhandla samtalar den kristne tru og grupper om eksistensielle spørsmål, er det likevel nokre som uttrykkjer eit slikt behov. Eg meiner difor at dette er også eit område kyrkja kan møta sesongarbeidarar. Andre behov som ikkje sesongarbeidarane sjølv har uttrykt, men som eg ser kyrkja kan bidra med, er mellom anna krisehandtering om det til dømes skulle skje ei ulukke på staden. Å kjempa for sesongarbeidarane si rett, vil også vera eit viktig område for kyrkja. Heilt til slutt vil ta med viktigeita av samarbeid mellom ulike lokale instansar i kommunen.

7. Kjelder

- Arnett, J. J. (2004). *Emerging adulthood - The winding Road from the Late Teens through the Twenties*. New york: Oxford University Press Inc.
- Det Teologiske Menighetsfakultetet. (2010, Januar). Lys og liv. *Diakoni/Inkluderende fellesskap*.
- Engel, C. (2002). *För en ny tid? - Förskjutning eller förnyelse - en inventering av diakoniens dilemma*. Stockholm: Sköndalsinstitutets forskningsavdeling.
- Fagermoen, T. (2008). En kropp - mange lemmer: Diakoni som inkluderende felleskapsarbeid. I B. Nordheim, *Kan tru prakiserast? Teologi for kristent ungdomsarbeid* (ss. 129-133). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Folkekirken Danmark. (u.d.). *Kirkens sociale arbeide - Diakoni*. Henta 10 14, 2010 fra <http://www.folkekirken.dk/folkekirkens-arbejde/socialt-arbejde-diakoni/>
- Foss, Ø. (1992). *Kirkens diakoni i bibelteologisk, historisk og etisk belysning - en studie i den kristne kirkes socialhistorie med baggrund i urkristendommens forståelse af kærlighedens gerninger*. Århus: Århus universitetsforlag.
- Frønes, I., & Brusdal, R. (2000). *På sporet av den nye tid - kulturelle varsler for en nærfremtid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Halvorsen, K. (2005). *Ensomhet og sosial isolasjon i vår tid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Hasle, E. (2008). Nattverden. I B. Nordheim, *Kan tru praktiserast? Teologi for kristent ungdomsarbeid* (ss. 152-156). Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Hegstad, H. (1996). *Folkekirke og trosfellesskap: et kirkesosiologisk og ekklesiologisk grunnproblem belyst gjennom en undersøkelse av tre norske lokalmenigheter*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Hegstad, H. (1999). *Kirke i forandring: Fellesskap, tilhørighet og mangfold i Den norske kirke*. Oslo: Luther forlag.
- Hegstad, H. (2009). *Den virkelige kirke - Bidrag til ekklesiologien*. Trondheim: Tapir Akademiske forlag.
- Henriksen, J. (1994). *Guds virkelighet: hovedtrekk i kristen godmatikk*. Oslo: Luther forlag.
- Johannesen, A., Tufte, P. A., & Kristoffersen, L. (2009). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Johannesen, K., Jorheim, K., & Korslien, K. K. (2009). *Diakoni - en kritisk lesebok*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

- Jordheim, K. (2009). Plan for diakoni i Den Norske Kirke - en presentasjon. I K. I. Johannessen, K. Jordheim, & K. K. Korslien, *Diakoni - en kritisk lesebok* (ss. 12-27). Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Kjær Nielsen, H. (1999). *Han elskede os først - om den bibelske begrundelse for diakoni*. Aarhus: Aarhus universitetsforlag.
- Kyrkjerådet. (2008). *Plan for diakoni i Den norske kyrkja*. Oslo.
- Laugerud, T. (1999). *Kirken i møte med den åndelige lengsel i vår tid - betenkning til Kirkemøtet i 1999*. Oslo: Kirkerådet.
- Mikkola, T., Niemelä, K., & Petterson, J. (2007). *The questioning mind. Faith and values of the New generation*. Tampere: Church Research Institute.
- Mosdøl, H. (2008). *Hiawatha av Kragerø - menighetsutvikling i folkekirken - impulser fra Sjømannskirken*. Oslo: Verbum Forlag.
- Nordstokke, K. (1999). *Tjeneste i verden hverdag*. Bergen: Den norske sjømannsmisjon/Norsk kirke i utlandet.
- Nordstokke, K. (2002). *Det dyrebare mennesket - diakoniens grunnlag og praksis*. Oslo: Verbum.
- Norheim, B. E. (2008). *Kan tru praktiserast? Teologi for kristent ungdomsarbeid*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Nyland, K. B. (2007). *Tolk & tjener - et bidrag til Sjømannskirkens selvforståelse og brukerforståelse*. Bergen: Sjømannskirken.
- Savage, S., Collins-Mayo, S., & Mayo, B. (2007). *Making sense of Generation Y - the world view of 15-25-year-olds*. London: Church House Publishing.
- Sjømannskirken. (u.d.). *Sjømannskirkens verdidokument*. Henta 5. november, 2010 frå <http://www.sjomannskirken.no/media/308641/sjømannskirkens%20verdidokument.pdf>
- Sjømannskirken. (u.å.). *Om Sjømannskirken - Kirkelig, kulturelt og sosialt møtested*. Henta 5. november, 2010 frå <http://www.sjomannskirken.no/aktuelt/om-sjomannskirken/karusell/om-sjomannskirken>
- Svenska kyrkan. (u.d.). Henta 10 6, 2010 frå <http://www.svenskakyrkan.se/svk/diakoni/diakoni.htm>
- Torgersen, L. (2004). *Ungdommers digitale hverdag - Bruk av PC, Internett, TV, spill og mobiltelefon blant elever på ungdomsskolen og videregående skole (NOVA Rapport nr. 8/2004)*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

Utlendingsdirektoratet. (u.d.). *Sesongarbeider*. Henta 8. november, 2010 frå

<http://www.udi.no/Sentrale-tema/Arbeid-og-opphold/Oppholdstillatelser-for-arbeid/Sesongarbeider/>

Vestby, G. M., & Ruud, M. E. (2008). *Attraktive turistdestinasjoner - gode oppvekstmiljøer?*

Oslo: Norsk institutt for by- og regionforsking.

Wuthnow, R. (2007). *After the baby boomers - How twenty- and thirty-somethings are*

shaping the future of American religion. New Jersey: Princeton university press.

Vedlegg

Vedlegg 1: Spørreundersøkelse for sesongarbeidere i Hemsedal

Denne undersøkelsen er utarbeidet av miljørarbeider og masterstudent Marianne Gilje. Målet er å få en bedre oversikt over det sosiale livet, trivselen og fritidstilbuet til de av sesongarbeiderne som kommer reisende til Hemsedal bare for sesongen. Det er også et mål å finne ut av hva som kan gjøres bedre for denne gruppen mens de er i Hemsedal. Det vil si at ditt bidrag kan være med på å gjøre Hemsedal til en enda bedre plass å være for sesongarbeiderne. Spørreundersøkelsen vil også brukes som en basis i en masteroppgave og vil være helt anonym.

1. Kjønn: Mann Kvinne

2. Alder: Under 18 18-22 23-27 28-31 Over 32

3. Hvilket land kommer du fra?

Norge Sverige Danmark Polen Litauen Annet: _____

4. Hvor bor du i Hemsedal?

Sentrum Tuv Ulsåk Annet: _____

5. Hvordan bor du i Hemsedal?

Såta Leilighet Deler leilighet Campingvogn Hytte Annet: _____

6. Hva slags jobb har du?

Restaurant/utelivsbransjen/hotell

Skisenter, skiskole, skitutleie

Butikk/dagligvare/Shell

Renhold

Taxi/buss

Håndverker/service

Annet: _____

7. Fulltidsjobb eller deltids jobb? Fulltid Deltid

8. Hvor lenge har du jobbet i Hemsedal?

To eller flere sesonger Hele 09/10 – sesongen Deler av 09/10 - sesongen

9. Hvor viktig er følgende områder for at du jobber i Hemsedal?

(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ikke viktig" og 6 er "Veldig viktig")

Stå på ski/brett 1 2 3 4 5 6

Tjene penger 1 2 3 4 5 6

Feste 1 2 3 4 5 6

Få nye venner 1 2 3 4 5 6

Få arbeidspraksis 1 2 3 4 5 6

Hvis annet, presiser: _____

10. Hva gjør du i fritiden i Hemsedal?

(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ingen tid" og 6 er "Mye tid")

Ski/brett 1 2 3 4 5 6

Langrenn 1 2 3 4 5 6

Party/disco 1 2 3 4 5 6

Internett/TV/film 1 2 3 4 5 6

Cafe 1 2 3 4 5 6

Besøke venner 1 2 3 4 5 6

Hvis annet, presiser: _____

11. Hvor ofte er du på party/disco i fritiden i Hemsedal?

4 eller flere ganger i uken 2-3 ganger i uken 1 gang i uken 1-3 ganger i måneden

Aldri

12. Hva synes du om fritidstilbuet for sesongarbeidere i Hemsedal?

(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Helt uenig" og 6 er "Helt enig")

Mye å velge mellom 1 2 3 4 5 6

Dekker mine interesser 1 2 3 4 5 6

Lite å velge mellom 1 2 3 4 5 6

Hvis annet, presiser: _____

13. Det vurderes å sette i gang flere fritidstilbud i Hemsedal, hvilke aktiviteter kan det være aktuelt for deg å være med på? (Alle aktiviteter er i rusfri regi!)

(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Helt uaktuelt" og 6 er "Sært aktuelt")

Felles middager for en billig pris 1 2 3 4 5 6

Fotball-/volleyballturneringer 1 2 3 4 5 6

Arrangerte toppturer 1 2 3 4 5 6

Bålkvelde 1 2 3 4 5 6

Café 1 2 3 4 5 6

Felles transport til badebassengen på Gol 1 2 3 4 5 6

Samtalegruppe om eksistensielle spørsmål 1 2 3 4 5 6

Kristen samtalegruppe/Bibelgruppe 1 2 3 4 5 6

Forslag til andre felles aktiviteter for sesongarbeidere: _____

14. Kunne du tenkt deg flere rusfrie fritidstilbud?Absolutt ikke 1 2 3 4 5 6 Svært gjerne**15. Har du venner i sesongarbeidermiljøet?**Ingen venner 1 2 3 4 5 6 Mange venner**16. Har du venner utenfor sesongarbeidermiljøet, altså generelt i Hemsedal?**Ingen venner 1 2 3 4 5 6 Mange venner**17. Er det spesielle utfordringer du har møtt på etter du kom til Hemsedal?**

(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ikke problem" og 6 er "Stort problem")

Boforholdene	<input type="checkbox"/> 1	<input type="checkbox"/> 2	<input type="checkbox"/> 3	4	<input type="checkbox"/> 5	6
Finne venner	<input type="checkbox"/> 1	<input type="checkbox"/> 2	<input type="checkbox"/> 3	4	<input type="checkbox"/> 5	6
Språkvansker	<input type="checkbox"/> 1	<input type="checkbox"/> 2	<input type="checkbox"/> 3	4	<input type="checkbox"/> 5	6
Ensomhet	<input type="checkbox"/> 1	<input type="checkbox"/> 2	<input type="checkbox"/> 3	4	<input type="checkbox"/> 5	6
Vansklig å komme inn i miljøet	<input type="checkbox"/> 1	<input type="checkbox"/> 2	<input type="checkbox"/> 3	4	<input type="checkbox"/> 5	6

Hvis annet, presiser: _____

18. I tilknytning til spørsmål 17, har du forslag til hvordan det kan legges enda bedre til rette for sesongarbeidere i forhold til ulike utfordringer? _____**19. Har du noen å snakke med dersom du får/har hatt personlige problemer i løpet av oppholdet i Hemsedal**Ingen Venner i miljøet Telefonkontakt med familie venner/hjemme Helsesøster/psykolog Andre i bygda Annet: _____

20. Tror du det er behov for en person med taushetsplikt som er lett tilgjengelig blant sesongarbeiderne?

Ikke behov 1 2 3 4 5 6 Stort behov

21. Hvilken trosretning eller livssyn bekjenner du deg til?

Kristendom – evangelisk

Kristendom – katolisismen

Islam

Hinduisme

Humanisme/agnostisme

Ateisme/ingen tro

Buddhisme

Annet: _____

22. Dersom du hadde ett kapell / stillerom tilgjengelig til lyttenning, tid til ettertanke og bønn, ville du brukt dette?

Aldri 1 2 3 4 5 6 Ofte

23. Har du vært med på arrangement knyttet til ditt livssyn/tro etter du kom til Hemsedal?

Aldri 1 2 3 4 5 6 Ofte

24. Har du eventuelt savnet å bli med på arrangement/fellesskap knyttet til din tro etter du kom til Hemsedal?

Aldri 1 2 3 4 5 6 Ofte


25. Er det noe du ønsker å kommentere til slutt?

Som takk for at du var med å fylle ut spørreskjemaet, vil vi gi deg muligheten til å bli med i trekningen av en flott Hemsedal genser og Hemsedal buffer sponset av Turisttrafikklaget. Skriv en sms til **48 89 52 51** at du har vært med i undersøkelsen, og ditt mobilnummer er med i trekningen. Du trenger da ikke å oppgi navn eller adresse. Svarfrist innen **1. mai 2010**. Svarene vil bli behandlet som konfidensiell informasjon og anonymisert.


Vedlegg 2: Resultat av spørjeundersøkinga

1. Kjønn: Mann 46% (51) Kvinne 54% (59)


2. Alder:




3. Kva land kjem du frå?




4. Kvar bur du i Hemsedal?




5. Korleis bur du i Hemsedal?




6. Kva bransje jobbar du innan?



7. Fulltidsjobb eller deltids jobb?




8. Kor lenge har du jobba i Hemsedal?



**9. Kor viktig er fylgjande område for at du jobbar i Hemsedal?
(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ikke viktig" og 6 er "Veldig viktig")**

Gjennomsnitt


Ski/brett	4,9
Tena pengar	4,6
Få nye venar	4,4
Arbeidspraksis	3,7
Festa	3,1




10. Kva gjere du i fritida i Hemsedal?
(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ingen tid" og 6 er "Mye tid")

Gjennomsnitt

Ski	4,6
Besøke venar	4,0
Internett/TV/film	3,8
Party/disco	3,2
Langrenn	2,0
Cafè	2,2




11. Kor ofte er du på party/disco i fritida i Hemsedal?



12. Kva synest du om fritidstilbodet for sesongarbeidarane i Hemsedal?
(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Helt uenig" og 6 er "Helt einig")

Gjennomsnitt


Lite å velgja mellom	3,6
Dekkjer mine interesser	3,3
Mykje å velgja mellom	2,7



- 13.** Det vurderast å setja i gong flere fritidstilbod i Hemsedal, kva aktivitetar kan det vera aktuelt for deg å vera med på? (Alle aktivitetar er i rusfri regi!)
(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Helt uaktuelt" og 6 er "Svært aktuelt")


Gjennomsnitt

Felles middagar for ein billeg pris	4,2
Fotball- og volleyballturneringar	4,2
Arrangerte toppturar	4,1
Bålkveldar	3,9
Felles transport til bassenget på Gol	3,4
Cafè	3,2
Samtalegruppe om eksistensielle spørsmål	2,0
Kristen samtalegruppe/Bibelgruppe	1,3




- 14.** Kunne du tenkt deg fleire rusfrie fritidstilbod?

Gjennomsnitt: 4,7




15. Har du venar i sesongarbeidermiljøet?

Gjennomsnitt: 5,1



16. Har du venar utanfor sesongarbeidarmiljøet, altså generelt i Hemsedal?


Gjennomsnitt: 3,2



- 17.** Er det spesielle utfordringer du har møtt på etter du kom til Hemsedal?
(Grader fra 1 til 6 der 1 er "Ikke problem" og 6 er "Stort problem")


Gjennomsnitt

Butilhøva	2,6
Språkvanskars	2,0
Vanskeleg å koma inn i miljøet	1,7
Finne venar	1,6
Einsemd	1,6




- 18.** I tilknytning til spørsmål 17, har du forslag til hvordan det kan legges enda bedre til rette for sesongarbeidere i forhold til ulike utfordringer?

19. Har du noen å snakke med dersom du får/har hatt personlige problemer i løpet av oppholdet i Hemsedal




20. Trur du det er behov for en person med teieplikt som er lett tilgjengelig blant sesongarbeidarane?

Gjennomsnitt: 3,0




21. Kva trusretning eller livssyn vedkjenner du deg til?




22. Dersom du hadde eit kapell / stillerom tilgjengelig til lystenning, tid til ettertanke og bøn, ville du brukt dette?

Gjennomsnitt: 1,5




23. Har du vore med på arrangement knytta til ditt livssyn/tru etter du kom til Hemsedal?

Gjennomsnitt: 1,3



24. Har du eventuelt sakna å bli med på arrangement/fellesskap knytta til trua di etter du kom til Hemsedal?

Gjennomsnitt: 1,5



Vedlegg 3: Faksimile frå Hallingdølen, laurdag 22. mai 2010



Einaste tilbod: Festlokale er einaste stad å gå for sesongarbeidrar som bur trøgt.

Sesongarbeidrar i Hemsedal bur trøgt og Diakonistudenten Marianne Gilje (biletet) festar mykje. Mange saknar rusfrie stader på fritida. Høge buprisar er eit problem. SIDE 10-11

Utsnitt frå forsida.

Ei «sjømannskyrkje» for sesongarbeidarar hadde gjort susen.

Bernt Ivar Bergum

bib@hallingdolen.no

– Dei manglar eit breiare fritidstilbod, konkluderer diakonistudent Marianne Gilje som står bak undersøkinga.

– Mange kjem hit for å jobbe, feste og stå på ski. Men dette gjeld ikkje alle, fortel Marianne Gilje.

Masterstudenten i diakoni har spurt sesongarbeidarane i Hemsedal om korleis dei har det i bygda. Arbeidet inngår som ein del av masteroppgåva hennar. No sit ho igjen med eit visst inntrykk både over korleis arbeidsfolket bur og kva dei ynskjer seg. Mange seier dei helst ville hatt ei meir rusfri fritid.

Stor gruppe

Om lag 500 utanlandske sesongarbeidarar var i Hemsedal sist sesong. Kva gjer dei når dei ikkje arbeider? Språkbarrierane kan for enkelte vere utfordrande. Ho har møtt polakkar som korkje kan norsk eller engelsk. Sesongarbeidarar med språkbarrierar fell ofte utanfor det sosiale miljøet. Desse høyrer til gruppa som eigentleg ikkje ynskjer så mykje festing, men som blir med likevel, fordi dei manclar alternativ.

– Det er eit stort behov for rusfrie alternativ. Mange svarar dei vil feste, men halvparten saknar også alternativ, seier ho, overvelta over interessa folk har vist for «forskinna» hennar.

Personleg forsking

Det starta med at Hemsedal kyrkje fekk Tunsberg bispedømme med på å opprette ei prosjektstilling som miljørarbeidar. Målet var å kartlegge sesongarbeidarane sine behov. Det var utfordrande, særleg fordi Marianne Gilje ikkje kom til Hemsedal for midtvegs i årets skisesong. Ho hadde dårleg tid på å bli kjent med miljøet. Sidan midten av januar har ho oppsøkt, snakka med og arrangert samlingar for sesongarbeidarar frå ei lang rekke nasjonar. Det var spennande, men inga enkel oppgåve.

– Eg har blant anna invitert folk heim til meg på middag for å bli kjent med dei, seier ho.

Ho såg etter kvart at det ville vere teneleg med eit spørjeskjema. 25 spørsmål på både norsk, engelsk og polsk gav 110 svar frå både nordmenn, danskar, svenskar, litauarar og polakkar.

Bur därleg

Dei fleste bur i sentrum. Høge leigeprisar fører til at mange, som i hovudsak er innom kommunen berre ein kort periode for å tene pengar, bur svært trøngt.

– Eg hadde skvisa meg inn på eit kott sjølv, hadde eg vore her i same aerend, seier ho etter innblikket ho har fått. Mange bur kummerleg. Ikkje alle blir tekne like godt vare på, meiner ho.

Sidan Trøim er eit pressområde, må mange bu i andre stader der det er skort på kollektivtilbod til og frå jobb.

Fritidstilbod

Sesongarbeidarane har stort behov for fleire fritidstilbod og treng betre informasjon om dei som er. Slik Gilje tolkar resultatet er det viktig for sesongarbeidarane å ha ein rusfri stad dei kan møte likesinna.

– Eit lokale i Sjømannskyrkja si and – ein stad, ikkje berre å kome innom, men snarare kome heimom – det hadde vore noko for Hemsedal, seier Gilje og legg i veg om vaflar og kaffi i sofakroken. Og ikkje minst ei oppslagstavle! Det er mykje informasjon som går sesongarbeidarane hus forbi. Ho har ikkje funne lokalet, men at det måtte vere sentrumsnært er ho klar på.

– Eit litt utvida servicekontor for sesongarbeidarar?

– Ja, det er merkeleg ein ikkje har fått det til før.

Sesongslutt

1. mai var prosjektperioden over. Dermed er også Marianne Gilje si tid i Hemsedal forbi. Ho la fram ein førebels rapport for politikarane etter kommunestyret 6. mai. Den vart teken i mot med stor interesse. Ein meir fyldig rapport skal kome innan sommaren er planen. Masteroppgåva må vere klar 17. november i år.

Det er Tunsberg bispedømme som har finansiert arbeidet, medan både kyrkja, kommunen og Hemsedal Turisttrafikklag (HTTL) har vore med som samarbeidspartnarar i ei prosjektgruppe.

Utsnitt frå artikkelen.